



Sunnfjord
kommune

Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen

Saksutgreiing



Innhold

1 Innleiing	4
2 Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak	6
3 Viktige omgrep.....	8
3.1 Arealplassar.....	9
3.2 Heiltidsbarn.....	11
3.3 Barnehageplassar	11
3.4 Barnet sitt beste.....	11
3.5 Bemanning- og pedagognorm	12
3.6 Barn med spesielle behov	15
3.7 Tilfluktsrom	15
4 Barnetal	16
4.1 Befolkningsutvikling	17
4.2 Norkart befolkningsanalyse	19
4.3 Barn i barnehagane for barnehageåret 2024/2025	22
4.4 Barn i barnehagane for barnehageåret 2025/2026	27
4.5 Kapasitet i Sunnfjordbarnehagen	31
5 Behov for barnehageplassar barnehageåret 2025/2026	33
6 Korleis påverkar tiltaka tilsette i barnehagesektoren	35
6.1 Føringar	35
6.2 Prosess.....	38
6.3 Konsekvensar for tilsette som blir påverka av tiltaka.....	38
7 Tiltak	38
7.1 Tiltak 1: Ressursmodell	38
7.2 Tiltak 2: Kontinuerleg barnehageopptak.....	43
7.3 Tiltak 3: Legge ned Tusenfryd barnehage	46
7.4 Tiltak 4: Legge ned fleire barnehagar i Førde sentrum	51
7.5 Tiltak 5: Utvide eksisterande barnehagar for å auke kapasiteten.....	54
7.6 Tiltak 6: Barnehage på Flatene – bruke Flatene skule som barnehagebygg	59
7.7 Tiltak 7: Ny barnehage på Slåtten	67
7.8 Tiltak 8: Legge ned to barnehagar i Førde sentrum frå hausten 2025	72
7.9 Tiltak 9: Legge ned Holsen barnehage.....	77
8 Innsparingspotensialet i dei ulike tiltaka.....	80
8.1 Budsjett 2025.....	80
8.2 Innsparingspotensialet i tiltaka som blir tilrådd	81

8.3	Tilskot til private barnehagar	85
8.4	Kva må til for at tiltaka skal få full innsparing.....	86
9	Innspel	86
10	Vurdering	86
10.1	Drift i barnehagesektoren	87
10.2	Barnehagestruktur 2025-2032.....	87
10.3	Vurdering av barnet sitt beste.....	91
11	Tiltak som ikkje er ein del av saka som administrasjonen kan arbeide med	92

1 Innleiing

Administrasjonen starta arbeidet med kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen april 2024. Eit bakteppe for oppstart av prosessen var tenesteanalyse som blei presentert politisk i mars 2024.

I tenesteanalysen blei det gjort vedtak om at barnehagesektoren skal ha ei samla omstilling og innsparing på 62,8 MNOK innan 2032.

Det blei sett ned ei administrativ prosjektgruppe i april 2024 som skulle arbeide ut eit kunnskapsgrunnlag for barnehagesektoren. Prosjektgruppa var representert av kommunedirektøren si leiargruppe, fagutvikling, einingsleiarar i barnehagesektoren og tillitsvalde.

I etterkant av kunnskapsgrunnlaget blei det etablert ei prosjektgruppe som fekk ansvar for å utarbeide tiltak i barnehagesektoren for å nå målet om omstilling og innsparing i barnehagesektoren. Tiltaka som blei utarbeida blei lagt ut på høyring 1. desember 2024.


Politiske vedtak som ligg til grunn for saka:

Dato	Saksnummer	Sak
21.03.2024	KST-020/24	Tenesteanalyse – nivå på innsparing og omstilling
26.09.2024	KST-081/24	Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen – kunnskapsgrunnlaget
15.11.2024	FSK-213/24	Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen – offentleg ettersyn

Link til saker som har vore til politisk behandling:

- [KST-020/24 Tenesteanalyse – nivå på innsparing og omstilling](#)
- [KST-081/24 – Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen – kunnskapsgrunnlaget](#)
- [FSK-213/24 – Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen – offentleg ettersyn](#)

Innsparing- og omstillingsskravet i barnehagesektoren, som blei vedteke i Tenesteanalyse – nivå på innsparing og omstilling er:



Barnehage	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Innsparing	3,3	23,4	33,2	39,8	39,8	39,8	39,8	39,8	39,8
Omstilling		5,0	12,1	13,0	20,8	23,5	24,0	23,9	23,0
Samla	3,3	28,4	46,3	52,8	60,2	63,3	63,8	63,7	62,8

2 Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Barnehagesektoren skal til saman redusere drifta med 62,8 MNOK. I tabellen under er forslag til tiltak som blir gjennomført i sektoren frå 2025-2032:

År	Tiltak
2025	<ul style="list-style-type: none">• Innføre ressursmodell som er utarbeida i samarbeid med Agenda Kaupang frå barnehageåret 2025/2026• Kommunedirektøren får mynde til å justere prinsippa i modellen for å ha ei berekraftig drift i barnehagesektoren innanfor regelverket• I barnehageopptaket skal vi sikre at avdelingane blir fylt opp<ul style="list-style-type: none">◦ Dette vil føre til at fleire avdelingar blir lagt ned som ein konsekvens av barnehageopptaket
	<ul style="list-style-type: none">• Avvikle kontinuerleg barnehageopptak frå barnehageåret 2025/2026
	<ul style="list-style-type: none">• Legge ned 1 avdeling i Tusenfryd barnehage frå hausten 2025<ul style="list-style-type: none">◦ Stoppe inntaket av nye barn i Tusenfryd barnehage frå nytt barnehageår 2025/2026◦ Unntak er barn som er søsken til barn som allereie går i Tusenfryd barnehage
	<ul style="list-style-type: none">• Legge ned 1 avdeling i Holsen barnehage
	<ul style="list-style-type: none">• Stoppe inntaket Solsida barnehage avdeling Haugum frå nytt barnehageår 2025/2026<ul style="list-style-type: none">◦ Unntak er barn som er søsken til barn som allereie går i barnehagen
	<ul style="list-style-type: none">• Halde fram planlegging av ny barnehage på Slåtten<ul style="list-style-type: none">◦ Barnehagen skal stå klar hausten 2029◦ Barnehagar som blir erstatta med ny barnehage på Slåtten er:<ul style="list-style-type: none">▪ Hatlehaugen barnehage▪ Vieåsen barnehage
2026	<ul style="list-style-type: none">• Tusenfryd barnehage blir lagt ned frå hausten 2026<ul style="list-style-type: none">◦ Sal av tomt – nytte til anna føremål, til dømes bustadføremål◦ Sal av tomt skal nyttast til investeringsbehov i barnehagesektoren
	<ul style="list-style-type: none">• Solsida barnehage avdeling Haugum blir lagt ned frå hausten 2026<ul style="list-style-type: none">◦ Sal av tomt – nytte til anna føremål, til dømes bustadføremål◦ Sal av tomt skal nyttast til investeringsbehov i barnehagesektoren
2027	<ul style="list-style-type: none">• Oppstart – planlegge ny barnehage på Flatene i lokala til Flatene skule<ul style="list-style-type: none">◦ Barnehagar som blir erstatta med ny barnehage på Flatene er:<ul style="list-style-type: none">▪ Halbrend barnehage▪ Slåttebakkane barnehage▪ Ytre Hafstad barnehage
	<ul style="list-style-type: none">• Ny barnehage på Slåtten er oppført<ul style="list-style-type: none">◦ Barnehagen skal erstatte desse eksisterande barnehagane:
2029	

	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Hatlehaugen barnehage ▪ Vieåsen barnehage ○ Sal av tomtene – nytte til anna føremål, til dømes bustadføremål ○ Sal av tomtene skal nyttast til investeringsbehov i barnehagesektoren
2031	<ul style="list-style-type: none"> • Ny barnehage på Flatene i lokal til Flatene skule ○ Barnehagar som blir erstatta med ny barnehage på Flatene er: <ul style="list-style-type: none"> ▪ Halbrend barnehage ▪ Slåttebakkane barnehage ▪ Ytre Hafstad barnehage ○ Sal av tomtene – nytte til anna føremål, til dømes bustadføremål ○ Sal av tomtene skal nyttast til investeringsbehov i barnehagesektoren

Samla potensiale for innsparing i tiltaka som er foreslått

Detaljert skildring av kva som er grunnlaget for summane i tabellen ligg i kapittel 8.2. Innsparingspotensialet i tiltaka som blir tilrådd. Alle summar er i heile 1 000.

År	Innsparingspotensialet
2025	12 000
2026	27 722
2027	43 416
2028	45 381
2029	46 982
2030	51 141
2031	51 824
2032	53 545

Tabellen ovanfor er innsparingspotensialet i tilrådinga til kommunedirektøren. I forslaget manglar det 9,2 MNOK for å nå innsparings- og omstillingskravet på 62,8 MNOK i 2032. Det er behov for å arbeide med fleire tiltak i perioden for å nå målet.

I tiltak 6: Barnehage på Flatene – bruke Flatene skule som barnehagebygg er det lagt inn eit alternativ der 4 barnehagar blir lagt ned i staden for 3 som ligg i tilrådinga til kommunedirektøren. I dette alternativet er kapasiteten redusert med 72 plassar. Då ser innsparingspotensialet slik ut:

År	Innsparingspotensialet
2025	12 000
2026	27 722
2027	43 416
2028	45 381
2029	46 982
2030	51 141
2031	56 347
2032	70 130

Dette alternativet gir ei samla innsparing på 70,1 MNOK som er 7,3 MNOK over innsparing- og omstillingsskravet. Det er usikre barnetal i framtida og vi kan ikkje med sikkerheit sei at vi kan redusere kapasiteten i Førde sentrum tilsvarende Solsida barnehage avdeling Toene.

Innsparing i 2025

Barnehagesektoren skal ha ei innsparing og omstilling på 12 MNOK for innverande år. Tiltaka som er tilrådinga frå kommunedirektøren har ei samla innsparing på 7,1 MNOK:

- Ta i bruk ressursmodellen
- Avvikle kontinuerleg barnehageopptak
- Legge ned ei avdeling i Tusenfryd barnehage
- Legge ned ei avdeling i Holsen barnehage

I tiltaket å ta i bruk ressursmodellen ligg også barnehageopptaket som ein faktor. Det er sagt at vi skal fylle opp avdelingar og effektivisere drifta mest mogeleg, og at det vil føre til at fleire avdelingar blir lagt ned frå neste barnehageopptak. For å nå måltalet på 12 MNOK i 2025 er det lagt inn i underkant av 4,9 MNOK knytt til barnehageopptak/reduksjon i årsverk. Summen er ikkje vidareført som ein heilårseffekt, andre tiltak i 2026 erstattar denne innsparinga.

3 Viktige omgrep

I kapittelet er det tatt med fleire omgrep som er viktige å ha forståing for når tiltak innafor barnehagesektoren skal vurderast. I forhold til kapasiteten er det fleire omgrep som blir nytta og har blitt nytta i prosessen. Vi har i saksutgreiinga trekt fram arealplassar, heiltidsbarn og barnehageplassar. Andre omgrep som er nytta tidlegare i prosessen er omgrep som har same betydning som omgropa i saksutgreiinga.

3.1 Arealplassar

Arealplassar er den juridiske kapasiteten som er i barnehagane. Det er den absolutte kapasiteten barnehagen kan ha. Dette definerer handlingsrommet til kommunen. Det er fleire omsyn som må takast for å vurdere om barnehagen skal nytte den juridiske kapasiteten, som gode nok fasilitetar for tal barn og tal tilsette og at det er pedagogisk forsvarleg. Fleire av dei kommunale barnehagane, særleg i Førde sentrum har ikkje gode nok fasilitetar for barn og vaksne til å utnytte heile den juridiske kapasiteten.

Juridisk har barnehagane eit vedtak om godkjent leike- og opphaltsareal, ikkje eit eksakt tal barn eller plassar. Både tal barn og plassar kan variere innanfor det godkjente leike- og opphaltsarealet barnehagen disponerer. Private barnehagar nyttar i hovudsak arealplassar som faktor når dei vurderer kor mange barn dei kan gi tilbod til. I dei kommunale barnehagane i Sunnfjord har vi i stor grad definert kor full barnehagen er etter eit maks tal plassar og tatt mindre omsyn til arealplassar.

På bakgrunn av korleis vi tidlegare har vurdert om barnehagane nyttar kapasiteten er dette ein ny måte å tenke på. Fleire er bekymra for at det er eit ønske om å ha fleire barn inn i barnehagane. Då er det faktorane som er nemnt ovanfor, som er ein del av vurderingsgrunnlaget for kor mange barn som bør gå i den enkelte barnehage.

Arealplassar har samanheng med to faktorar, godkjent leike- og opphaltsareal barnehagen har og arealnorm for barn under og over 3 år. Areal som kan defineraast i godkjent leike- og opphaltsareal dersom dei er føremålstenleg til leik er:

- Avdeling (hovudrommet på ei avdeling)
- Mindre rom knytt til avdeling
- Fingarderobe
- Felles kjøkken
- Felles allrom

Areal som grovgarderobe, bad, toalett og lagerrom kan ikkje vere inkludert i godkjent leike- og opphaltsareal då dette er areal som ikkje er eigna til leik.

Den andre faktoren som har betydning for kor mange arealplassar ein barnehage har er norma for areal per barn under og over 3 år. Det er ikkje ein lovfesta rett, men nasjonale retningslinjer for kor mykje areal kvart barn bør ha disponibelt. Dei fleste kommunar definerer i eigne vedtekter kva som skal vere arealnorma, det har også Sunnfjord kommune gjort.

Dei nasjonale retningslinjene for arealnorm er:

Alder	Areal per barn i kvm
0-2 år	5,3
3-6 år	4,0

Arealnorma i Sunnfjord kommune sine vedtekter:

Alder	Areal per barn i kvm
0-2 år	6,0
3-6 år	4,5

I Sunnfjord kommune har vi valt å legge oss over dei nasjonale retningslinjene med 1,2 kvm for barn under 3 år og 0,5 kvm for barn over 3 år. Private barnehagar i Sunnfjord kommune har eigne arealnormer i sine vedtekter, alle med nokre få unntak nyttar nasjonale retningslinjer.

Når vi skal finne ut kor mange arealplassar ein barnehage har disponibelt nyttar vi store barn som faktor, i Sunnfjord kommune sitt tilfelle nyttar vi 4,5 kvm. Bakgrunnen for at vi nyttar store barn som faktor er at vi har fleire store barn på ei avdeling og dei vil samla krevje meir disponibelt areal enn ei tilsvarende gruppe under 3 år.

Eit døme på kor mykje areal 18 plassar under 3 år og 18 plassar over 3 år har bruk for:

Alder	Tal barn	Plassar	Arealnorm	Samla areal
0-2 år	9	18	6,0	54
3-6 år	18	18	4,5	81

Ved å nytte arealnorma for store barn som indikator for kor mange arealplassar det er kapasitet til sikrar vi oss at det er tilstrekkeleg med areal til barn under 3 år som krev meir disponibelt areal per barn.

Vurderingar som blir gjort i kommunale samanlikna med private barnehagar

I kommunale barnehagar nyttar vi barnehageplassar for å vurdere om barnehagen er full. Basert på denne vurderinga blir barnehageplassar ein konstant faktor, og barnehagane ut frå tal avdelingar er full når vi kjem opp:

Tal avdelingar	Barnehageplassar
3 avdelingar	54
4 avdelingar	72
5 avdelingar	90
6 avdelingar	108

Dei private barnehagane vurderer i større grad om dei har disponibelt leike- og opphaldsareal til å ta inn barna og nyttar arealplassar som faktor. I denne vurderinga blir ikkje nødvendigvis barnehageplassar konstant frå år til år, men variere ut frå kor mange barn dei tek inn.

Til dømes står har Prestebakken barnehage 66 barnehageplassar, men for innverande barnehageår nyttar dei 76 plassar. Dei har tilstrekkeleg godkjent leike- og opphaldsareal til å nytte 76 plassar og er dermed innanfor lovverket. I Solvang barnehage står det i tabellen at dei har 72 barnehageplassar, men for inneverande barnehageår nyttar dei 78 plassar. Dei er også innanfor lovverket.

3.2 Heiltidsbarn

Heiltidsbarn er tal barn som er i barnehagen. Det er ikkje nødvendigvis eit konstant tal barn per barnehage, det avheng av kor mange barn under og over 3 år som har tilbod.

3.3 Barnehageplassar

Alle barn som har eit barnehagetilbod disponerer ein barnehageplass. Barn under og over 3 år krev ulikt tal plassar, grunna deira ulike behov for omsorg og tilsyn. Barn under 3 år krev meir omsorg og tilsyn enn eldre barn. Difor tel desse barna som to plassar i barnehagen. Bakgrunnen for dette er at dei yngste barna treng meir individuell oppfølging og hjelp til grunnleggande behov.

Barn over 3 år er meir sjølvstendige og krev mindre individuell oppfølging. Dei kan ofte klare seg meir sjølv i kvarlagslege aktivitetar og har utvikla betre sosiale ferdigheter som gjer dei i stand til å samarbeide og leike med andre barn på ein meir sjølvstendig måte. Derfor tel desse barna som ein plass i barnehagen.

Kor mange plassar kvar barnehage disponerer heng saman med kor mykje leike- og opphaltsareal barnehagen er godkjent for. Det betyr at barnehagar ikkje er godkjent for eit konstant tal plassar, men det kan variere ut frå samansetninga av barn under og over 3 år.

I Sunnfjord kommune er det tradisjon for å definere tal plassar barnehagane disponerer som eit konstant tal.

3.4 Barnet sitt beste

Barnet sitt beste i barnehagesektoren refererer til å sikre at alle avgjerder og handlingar som påverkar barn, tek omsyn til deira behov, trivsel og utvikling. Dette prinsippet er forankra i FNs barnekonvensjon artikkel 3 og Grunnloven § 104, som seier at barnet sitt beste skal vere eit grunnleggjande omsyn i alle saker som omhandlar barn.

I barnehagesektoren inneber barnet sitt beste:

- Tryggleik og omsorg: Barnehagen skal vere ein trygg stad der barna får omsorg og støtte. Dette inkluderer både fysisk tryggleik og eit trygt psykososialt miljø.
- Læring og utvikling: Barnehagen skal tilby eit variert og stimulerande læringsmiljø som fremjar barna sine kognitive, motoriske og sosiale ferdigheter.
- Sosial inkludering: Alle barn skal føle seg inkluderte og verdsett i barnehagen, uavhengig av bakgrunn og føresetnader.
- Barnet sin rett til å bli høyrt: Barnet sine meiningar og ønske skal takast med i vurderinga, tilpassa deira alder og utvikling

For å vurdere kva som er til barnet sitt beste, må kommunen:

- Samle inn informasjon om barnet sin situasjon og behov.
- Vurdere korleis ulike tiltak vil påverke barnet sin trivsel og utvikling.
- Gjere ei konkret og individuell vurdering i kvart tilfelle

Ved å følgje desse prinsippa kan kommunen sikre at barnehagestrukturen legg til rette for barna sitt beste.

3.5 Bemanning- og pedagognorm

Det er nedfelt i barnehagelova og forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar korleis bemanninga og pedagogtettleiken skal vere i barnehagane.

Krav i barnehagelova:

Paragraf	Innhald
24. Styrar	<ul style="list-style-type: none">• Forsvarleg pedagogisk og administrativ leiing• Barnehagelærar• Kan ha anna høgskuleutdanning som gir barnefagleg og pedagogisk kompetanse
25. Pedagogisk bemanning	<ul style="list-style-type: none">• Barnehagelærarutdanning• Likeverdig er anna 3-årig høgskuleutdanning med vidareutdanning i barnehagepedagogikk
26. Grunnbemanning	<ul style="list-style-type: none">• Tilstrekkeleg bemanning til å drive ei tilfredsstillande pedagogisk verksemد• Minst 1 tilsett per 3 barn under 3 år• Minst 1 tilsett per 6 barn over 3 år• Barn blir rekna som 3 år frå og med august det året barnet fyller 3 år

Krav i forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar

Paragraf	Innhald
1. Norma for pedagogisk bemanning	<ul style="list-style-type: none">• Forsvarleg pedagogisk bemanning• Minst 1 pedagog per 7 barn under 3 år• Minst 1 pedagog per 14 barn over 3 år

- Eit barn til utløyser ny fulltidsstilling som pedagogisk leiar
- Barn blir rekna som 3 år frå og med august det året barnet fyller 3 år
- Styrar skal ikkje vere med i berekninga i pedagognorma
- Når over halvparten av barna har mindre enn 6 timar opphaldstid skal omrekna heiltidsplassar ligge til grunn


4. Krav til styrar

- Kvar barnehage skal ha ein styrar
- Ha dagleg kontakt med og oppfølging av kvar barnehage
- Barnehagar kan ha samarbeid om styrarressurs dersom organiseringa ikkje fører til reduksjon i styrarressursen.
- Det må vere forsvarleg avstand mellom barnehagane og organiseringa, og det kan ikkje gå på bekostning av kvaliteten på tilbodet
- Unntaksvis kan skular og barnehage samarbeide om leiingsressursen

3.5.1 Status i Sunnfjord kommune


Tala som er vist i grafane under er henta frå analysebrettet til Utdanningsdirektoratet og viser korleis status er etter årleg rapportering i Basil 15.12.2024.

Grunnbemanning:



I kommunale barnehagar varierer barn per vaksne frå 3,7 barn per vaksen til 6,0 per vaksen. Fleire barnehagar driftar på norm eller nær opp til norma. Gjennomsnittet for Sunnfjord kommune, inkludert dei private barnehagane, er på 5,6 barn per vaksen og ligg 0,4 under norma. Samanlikna med Vestland fylke ligg vi 0,1 under gjennomsnittet.

Pedagogettleik:



I kommunale barnehagar varierer barn per pedagog frå 6,0 barn per vaksen til 15,5 per vaksen. Vi har nokre barnehagar som driftar over norma enten med eller utan dispensasjon frå pedagognorma. Gjennomsnittet i Sunnfjord kommune er 12,6 barn per pedagog og ligg 1,4 under norma. Samanlikna med Vestland fylke ligg vi 0,1 under gjennomsnittet.

Det er samla sett potensiale for Sunnfjord kommune å drifta meir effektivt enn vi gjer per i dag.

3.6 Barn med spesielle behov

Det er nedfelt i barnehagelova at barn med spesielle behov har rettar.

Krav i barnehagelova:

Paragrafar	Innhald
31. Spesialpedagogisk hjelp	<ul style="list-style-type: none">Barn som har særlege behov har rett til spesialpedagogisk hjelp.Formålet er å gi barn tidleg hjelp og støtte i utvikling og læring.Spesialpedagogisk hjelp kan bli gitt individuelt eller i gruppe.
37. Barn med nedsatt funksjonsevne	<ul style="list-style-type: none">Kommunen skal sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod.Plikta omfattar ikkje tiltak som inneber uforhaldsmessig byrde for kommunen
38. Rett til tegnspråkopplæring	<ul style="list-style-type: none">Barn som har teiknspråk som førstespråk eller etter sakkunnig vurdering har behov for tegnspråkopplæring har rettar.Kommunen skal oppfylle retten til barn busett i kommunen.

PPT skal skrive ei sakkunnig vurdering der dei kjem med ei tilråding til årstimar i kvar enkelt sak etter § 31. Spesialpedagogisk hjelp. Normalt ligg timetalet mellom 1-10 timer per veke, der 10 timer er vurdert til å vere eit stort tiltak.

I analysebrettet til Utdanningsdirektoratet er det i 2024 registrert 35 barn i Sunnfjord kommune som har spesialpedagogisk hjelp.

Det er om lag 32 som har vedtak etter § 37. Barn med nedsatt funksjonsevne. Tiltaka etter § 37 er i Sunnfjord kommune i hovudsak knytt til ekstra ressursar og ikkje fysisk tilrettelegging i barnehagen. Fleire barn i kommunen har 1:1 oppfølging etter denne paragrafen.

Vi har få eller ingen som har rettar etter § 38. Rett til tegnspråk i kommunen.

Fleire barn har ein kombinasjon der dei får enkeltvedtak både etter § 31.


Spesialpedagogisk hjelp og § 37. Barn med nedsatt funksjonsevne, det er i hovudsak desse som har ein 1:1.

3.7 Tilfluktsrom

Det blir i fleire høyingsinnspel nemnt at det er tilfluktsrom både i Hatlehaugen barnehage og Vieåsen barnehage.

Vi har i Noreg 2 kategoriar av tilfluktsrom, offentlege og private tilfluktsrom. I Sunnfjord kommune har vi 2 offentlege tilfluktsrom, eit i Vieåsen barnehage og eit på Halbrend skule. Andre tilfluktsrom i kommunen, som tilfluktsrommet i Hatlehaugen

barnehage, er private tilfluktsrom. I kartutsnittet under kan du sjå plassering av offentlege tilfluktsrom i Førde sentrum:



Det er ikkje eit tilsvarende kartutsnitt som syner kor private tilfluktsrom er då dette er unnateke offentlegheita, jf. offentleglova § 21.

3.7.1 Offentlege tilfluktsrom

Offentlege tilfluktsrom er for alle som oppheld seg i det aktuelle området. Kommunen har ansvar for desse romma og har ansvar for vedlikehald, medan Sivilforsvaret har ansvar for drift og klargjering i ein beredskapssituasjon.

3.7.2 Private tilfluktsrom

Private tilfluktsrom er for personar som oppheld seg på eigedommen eller i bygget. Eigar av bygget har ansvar for vedlikehald av rommet i fred, og for å klargjere og drifte rommet ved beredskap. Private tilfluktsrom er dimensjonert for det tal som oppheld seg i bygget/eigedommen.

[Informasjon om tilfluktsrom på Sivilforsvaret si nettside](#)

10. januar 2025 la Justis- og beredskapsdepartementet fram

Totalberedskapsmeldinga som inneholder over 100 ulike tiltak, mellom anna å be Stortinget om å oppheve vedtaket om byggestopp av tilfluktsrom frå 1998, og innføre plikta til å bygge tilfluktsrom i nye bygg. ([Meld. St. 9 \(2024-2025\)](#))

[Totalberedskapsmeldingen – forberedt på kriser og krig](#)

4 Barnetal

Talmaterialet som har vore grunnlaget i kunnskapsgrunnlaget og tiltaka er basert på SSB sine framskrivingstal, Norkart befolkningsanalyse (dei som er busett per i dag i

aldersgruppa), kor mange barn som har barnehageplass i dag og kor mange som har fått tilbod gjennom barnehageåret (framtidige).

Vi har nytta Visma flyt barnehage for å få oversikt over barn vi har i barnehagane per i dag. Vi ser talmateriale i eige system opp mot rapporteringane barnehagane har gjort i årsmeldingane gjennom Utdanningsdirektoratet sitt system (Basil).

Til saksutgreiinga er det SSB, Norkart og Visma flyt barnehage som ligg til grunn for talmaterialet. Vi har tatt ut nye tal i dei sistema det er mogeleg for å få eit mest mogeleg reelt tal.

Faktorane vi ser på for å få best mogeleg reelt barnetal for å vurdere kva tiltak som er mogeleg å gjennomføre i perioden 2025-2032 er:

- Framskriving av barnetal i aldersgruppa 1-5 år
- Norkart sine tal fordelt på skulekrinsar, uttrekk 25.05.2025
- Kor mange barn vi har i barnehagen i dag, uttrekk 25.02.2025
- Tal barn som startar på skulen hausten 2025 som går i barnehagen i dag, uttrekk 25.02.2025
- Kor mange barn startar i barnehagen i løpet av våren 2025, uttrekk 25.02.2025
- Kor mange 0-åringar har fått tilbod barnehageåret 2024/2025, uttrekk 25.02.2025
- Nye søknadar til hovudopptaket 2025, uttrekk 25.02.2025

4.1 Befolkningsutvikling

4.1.1 Befolkningsutvikling i Sunnfjord kommune i 2024

SSB offentleggjorde befolkningsutvikling for 4. kvartal i 2024 25.02.2025.


Faktorar	K1	K2	K3	K4	2024
Befolking med inngangen av kvartalet	22 450	22 536	22 589	22 625	22 450
Fødde	65	63	64	59	251
Døde	33	46	35	36	150
Fødselsoverskot	32	17	29	23	101
Innvandring	25	18	22	31	96
Utvandring	12	14	12	15	53
Innflytting, innanlands	165	186	252	145	748
Utflytting, innanlands	124	154	255	147	680
Nettoflytting	54	36	7	14	111
Folketalsvekst	86	53	36	37	212
Befolking med utgangen av kvartalet	22 536	22 589	22 625	22 662	22 662

4.1.2 Framskriving av barnetal


Vi har per i dag ikkje nyare tal for framskriving av barnetalet enn det som har vore nytta tidlegare i kunnskapsgrunnlaget.

Framskrivingane syner at det i 2024 skulle vere født 218 i kommunen, nye tal frå SSB syner at det er født 251 barn i Sunnfjord. Det er 33 fleire enn framskrivingane. På bakgrunn av dette kan dei nye framskrivingane syne at det kan blir født fleire enn det vi tidlegare har lagt til grunn. Nedanfor er dei framskrivingane vi har som også blei presentert i kunnskapsgrunnlaget for fødde og i aldersgruppa 1-5 år.

Framskriving av tal fødde



Framskriving av tal barn i aldersgruppa 1-5 år



4.2 Norkart befolkningsanalyse

Vi har tatt ut eit uttrekk frå Norkart sin befolkningsanalyse per 25.02.2025. Tala syner kor mange som bur i Sunnfjord kommune i dei ulike skulekrinsane i aldersgruppa 0-6 år (2025-2019). Dette er her og no tal som endrar seg jamleg.

I talmaterialet er det skilt mellom Førde sentrum og distriktet for å gi oversikt over tala i Førde sentrum, som er mest påverka av tiltaka som blir lagt fram. Talmaterialet er ein del av grunnlaget for å vurdere kva tiltak det er mogeleg å gjennomføre.


4.2.1 Førde sentrum

Skulekrinsar	2025	2024	2023	2022	2021	2020	2019
Flatene	4	50	36	42	45	41	53
Førde bsk	0	21	22	29	18	28	31
Slåtten	3	59	54	48	60	52	56
Sunde	1	21	16	16	17	9	22
Samla	8	151	128	135	140	130	162

- 2019-kullet som skal starte på skulen hausten 2025 er det største kullet
- Det er 11 færre fødde i 2024 samanlikna med barn i 2019
- Flatene skulekrins har hatt den største veksten mellom 2023 og 2024

FORDELING MELLOM SKULEKRINSANE I FØRDE SENTRUM

■ Flatene ■ Førde bsk ■ Slåtten ■ Sunde



Barnehageåret 2024/2025 samanlikna med barnehageåret 2025/2026


For barnehageåret 2024/2025 er det barn født i 2023-2019 som har rett til barnehageplass og for 2025/2026 er det barn født frå 2024-2020 som har rett til barnehageplass. Legg vi til grunn at alle barn som er busett i skulekrinsane går i barnehage ser tala ut for dei ulike barnehageåra:

Skulekrinsar	2024/2025	2025/2026	Avvik
Flatene	217	214	-3
Førde bsk	128	118	-10
Slåtten	270	273	3
Sunde	80	79	-1
Samla	695	684	-11

4.2.2 Distriktet

Skulekrinsar	2025	2024	2023	2022	2021	2020	2019
Bygstad	0	13	7	13	12	8	16
Holsen	0	2	5	0	6	3	7
Naustdal	1	29	21	30	32	34	27
Sande	1	23	13	28	22	24	32
Skei	1	14	12	16	13	12	11
Vassenden	1	20	29	16	20	21	16
Viksdalen	0	1	4	2	3	1	5
Samla	4	102	91	105	108	103	114

- 2019-kullet som skal starte på skulen hausten 2025 er det største kullet
- Det er 12 færre fødde i 2024 samanlikna med barn i 2019



Barnehageåret 2024/2025 samanlikna med barnehageåret 2025/2026

For barnehageåret 2024/2025 er det barn født i 2023-2019 som har rett til barnehageplass og for 2025/2026 er det barn født frå 2024-2020 som har rett til barnehageplass. Legg vi til grunn at alle barn som er busett i skulekrinsane går i barnehage ser tala ut for dei ulike barnehageåra:

Skulekrinsar	2024/2025	2025/2026	Avvik
Bygstad	56	53	-3
Holsen	21	16	-5
Naustdal	144	146	2
Sande	119	110	-9
Skei	64	67	3
Vassenden	102	106	4
Viksdalen	15	11	-4
Samla	521	509	-12

4.2.3 Sunnfjord kommune

Samla for Sunnfjord kommune ser tala slik ut:

Område	2025	2024	2023	2022	2021	2020	2019
Sentrum	8	151	128	135	140	130	162
Distriktet	4	102	91	105	108	103	114
Samla	12	253	219	240	248	233	276

Barnehageåret 2024/2025 samanlikna med barnehageåret 2025/2026

For barnehageåret 2024/2025 er det barn født i 2023-2019 som har rett til barnehageplass og for 2025/2026 er det barn født frå 2024-2020 som har rett til barnehageplass. Legg vi til grunn at alle barn som er busett i skulekrinsane går i barnehage ser tala slik ut for dei ulike barnehageåra:

Område	2024/2025	2025/2026	Avvik
Sentrum	695	684	-11
Distriktet	521	509	-12
Samla	1 216	1 193	-23

4.3 Barn i barnehagane for barnehageåret 2024/2025

4.3.1 Førde sentrum

Barn som går i barnehagen per 25.02.2025

Barnehage	2024	2023	2022	2021	2020	2019	Totalt
Halbrend	0	10	8	11	9	16	54
Hatlehaugen	2	2	10	9	5	11	39
Nærleiken	1	11	13	10	13	15	63
Slåttebakkane	1	5	6	8	8	2	30
Solsida Haugum	0	5	6	5	10	9	35
Solsida Toene	1	5	9	11	8	17	51
Sunde	0	10	8	11	6	19	54
Tusenfryd	0	7	4	7	5	5	28
Vie	0	14	14	16	19	13	76
Vieåsen	0	10	10	12	11	9	52
Ytre Hafstad	2	7	9	14	10	13	55
Prestebakken (P)	1	7	14	8	12	12	54
Solvang (P)	2	13	8	8	7	10	48
Viebøen (P)	0	11	12	14	10	11	58
Samla	10	117	131	144	133	162	697

Barn som startar i barnehagen i løpet av våren per 25.02.2025

I tabellen under er det tatt med dei barnehagane som får nye barn i løpet av våren 2025.

Barnehage	2024	2023	2022	2021	2020	2019	Totalt
Tusenfryd						1	1
Vie				2		1	3
Solvang (P)	1	2	0		1		4
Samla	1	2	0	2	1	2	8

Samla tal barn som går i barnehagen barnehageåret 2024/2025 per 25.02.2025

I tabellen nedanfor har vi slått saman tabellane ovanfor, dei som har barnehageplass per i dag og dei som startar i løpet av våren, det syner samla kor mange som har barnehagetilbod i løpet av barnehageåret 2024/2025.

Barnehage	2024	2023	2022	2021	2020	2019	Totalt
Halbrend	0	10	8	11	9	16	54
Hatlehaugen	2	2	10	9	5	11	39
Nærleiken	1	11	13	10	13	15	63
Slåttebakkane	1	5	6	8	8	2	30
Solsida Haugum	0	5	6	5	10	9	35
Solsida Toene	1	5	9	11	8	17	51
Sunde	0	10	8	11	6	19	54
Tusenfryd	0	7	4	5	5	6	27
Vie	0	14	14	18	19	14	79
Vieåsen	0	10	10	12	11	9	52
Ytre Hafstad	2	7	9	14	10	13	55
Prestebakken (P)	1	7	14	8	12	12	54
Solvang (P)	3	15	8	8	8	10	52
Viebøen (P)	0	11	12	14	10	11	58
Samla	11	119	131	144	134	164	703

To av barna som er nye våren 2025 er intern flytting mellom to barnehagar, det betyr at den reelle auken er 6 og ikkje 8.

Barn utan lovfesta rett til barnehageplass som har fått barnehageplass

I Førde sentrum har til saman 17 barn utan lovfesta rett fått barnehageplass gjennom barnehageåret. Slik er fordelinga mellom kommunale og private barnehagar:

Barnehage	Fødd etter 1.12. 2023	2024	Totalt
Kommunale		5	7
Private		1	4
Samla		6	11
			17

Trekk vi frå dei som ikkje har lovfesta rett til samla tal barn som har barnehageplass er det 686 barn, som går i barnehagen, som har lovfesta rett til barnehageplass. Samanliknar vi tal barn som går i barnehage med tal innbyggjarar i aldersgruppa 1-5 år (2023-2019) er det registrert 695 innbyggjarar.

4.3.2 Distriktet

Barn som går i barnehage per 25.02.2025

Barnehage	2024	2023	2022	2021	2020	2019	Totalt
Bygstad	1	5	12	11	8	15	52
Holsen	1	5	0	6	3	8	23
Langhaugane	1	18	6	16	12	9	62
Lunden	0	10	8	9	19	9	55
Skei	1	9	16	8	12	11	57
Viksdalen	0	2	1	3	1	3	10
Naustdal idrettsbhg (P)	5	9	24	20	15	19	92
Sande (P)	7	13	27	23	22	31	123
Stardalen (P)	0	2	0	4	0	0	6
Vassenden (P)	1	9	4	1	8	2	25
Ålhus (P)	0	2	5	3	1	4	15
Samla	17	84	103	104	101	111	520

Barn som startar i barnehagen i løpet av våren per 25.02.2025

I tabellen under er det tatt med dei barnehagane som får nye barn i løpet av våren 2025.

Barnehage	2024	2023	2022	2021	2020	2019	Totalt
Langhaugane	1						1
Lunden	1						1
Naustdal idrettsbhg (P)	3						3
Sande (P)	1	1					2
Ålhus (P)	1						1
Samla	7	1	0	0	0	0	8

Samla tal barn som går i barnehagen barnehageåret 2024/2025 per 25.02.2025

I tabellen nedanfor har vi slått saman tabellane ovanfor, dei som har barnehageplass per i dag og dei som startar i løpet av våren, det syner samla kor mange som har barnehagetilbod i løpet av barnehageåret 2024/2025.

Barnehage	2024	2023	2022	2021	2020	2019	Totalt
Bygstad	1	5	12	11	8	15	52
Holsen	1	5	0	6	3	8	23
Langhaugane	2	18	6	16	12	9	63
Lunden	1	10	8	9	19	9	56
Skei	1	9	16	8	12	11	57
Viksdalen	0	2	1	3	1	3	10
Naustdal idrettsbhg (P)	8	9	24	20	15	19	95
Sande (P)	8	14	27	23	22	31	125
Stardalen (P)	0	2	0	4	0	0	6
Vassenden (P)	1	9	4	1	8	2	25
Ålhus (P)	1	2	5	3	1	4	16
Samla	24	88	103	104	101	111	528

Barn utan lovlista rett til barnehageplass som har fått barnehageplass
I distriktet har til saman 27 barn utan lovlista rett fått barnehageplass gjennom barnehageåret. Slik er fordelinga mellom kommunale og private barnehagar:

Barnehage	Fødd etter 1.12. 2023	2024	Totalt
Kommunale		2	6
Private		1	18
Samla		3	24
			27

4.3.3 Sunnfjord kommune

Barn som går i barnehagen per 25.02.2025

Barnehage	2024	2023	2022	2021	2020	2019	Totalt
Førde sentrum	10	117	131	144	133	162	697
Distriktet	17	84	103	104	101	111	520
Samla	27	201	234	248	234	273	1 217

Barn som startar i barnehagen i løpet av våren per 25.02.2025

Barnehage	2024	2023	2022	2021	2020	2019	Totalt
Førde sentrum	1	2	0	2	1	2	8
Distriktet	7	1	0	0	0	0	8
Samla	8	3	0	2	1	2	16

To av barna som er nye våren 2025 er intern flytting mellom to barnehagar, det betyr at den reelle auken er 14 og ikkje 16.

Samla tal barn som går i barnehagen barnehageåret 2024/2025 per 25.02.2025

I tabellen nedanfor har vi slått saman tabellane ovanfor, dei som har barnehageplass per i dag og dei som startar i løpet av våren, det syner samla kor mange som har barnehagetilbod i løpet av barnehageåret 2024/2025.

Barnehage	2024	2023	2022	2021	2020	2019	Totalt
Førde sentrum	11	119	131	144	134	164	703
Distriktet	24	85	103	104	101	111	528
Samla	35	204	234	248	235	275	1 231

Barn utan lovfesta rett til barnehageplass som har fått barnehageplass

I Sunnfjord kommune har til saman 44 barn utan lovfesta rett fått barnehageplass gjennom barnehageåret. Slik er fordelinga mellom kommunale og private barnehagar:

Barnehage	Fødd etter 1.12. 2023	2024	Totalt
Kommunale		7	20
Private		22	24
Samla		35	44

4.3.4 Samanlikning av tal innbyggjarar og tal barn med barnehageplass

Førde sentrum

Barnehage	2024	2023	2022	2021	2020	2019	Totalt
Innbyggjarar	151	128	135	140	130	162	846
Tal barn med barnehageplass	11	119	131	144	134	164	703
Innbyggjarar-barnehageplass	140	9	4	-4	-4	-2	143

Distriktet

Barnehage	2024	2023	2022	2021	2020	2019	Totalt
Innbyggjarar	102	91	105	108	103	114	623
Tal barn med barnehageplass	24	85	103	104	101	111	528
Innbyggjarar-barnehageplass	78	6	2	4	2	3	95

Sunnfjord kommune

Barnehage	2024	2023	2022	2021	2020	2019	Totalt
Innbyggjarar	253	219	240	248	233	276	1 469
Tal barn med barnehageplass	35	204	234	248	235	275	1 231
Innbyggjarar-barnehageplass	218	15	6	0	-2	1	238

4.4 Barn i barnehagane for barnehageåret 2025/2026

4.4.1 Barn som startar på skulen hausten 2025

Tabellen syner kor mange barn som går i barnehage som skal starte på skulen hausten 2025 fordelt mellom Førde sentrum og distriktet.

Område	2019-kullet
Førde sentrum	164
Distriktet	111
Sunnfjord kommune	275

4.4.2 Kjente barn som går i barnehagen frå hausten 2025

Førde sentrum

Barnehage	2024	2023	2022	2021	2020	Totalt
Halbrend		10	8	11	9	38
Hatlehaugen	2	2	10	9	5	28
Nærleiken	1	11	13	10	13	48
Slåttebakkane	1	5	6	8	8	28
Solsida Haugum		5	6	5	10	26
Solsida Toene	1	5	9	11	8	34
Sunde		10	8	11	6	35
Tusenfryd		7	4	5	5	21
Vie		14	14	18	19	65
Vieåsen		10	10	12	11	43
Ytre Hafstad	2	7	9	14	10	42
Prestebakken (P)	1	7	14	8	12	42
Solvang (P)	3	15	8	8	8	42
Viebøen (P)		11	12	14	10	47
Samla	11	119	131	144	134	539

Samanlikna med inneverande barnehageår er det 164 færre barn i Førde sentrum. I tabellen under er ein oversikt over kor mange registrerte innbyggjarar som ikkje har barnehageplass:

Barnehage	2024	2023	2022	2021	2020	Totalt
Innbyggjarar	151	128	135	140	130	684
Har barnehageplass	11	119	131	144	134	539
Har ikkje barnehageplass	140	9	4	-4	-4	145

Distriktet

Barnehage	2024	2023	2022	2021	2020	Totalt
Bygstad	1	5	12	11	7	37
Holsen	1	5		6	3	15
Langhaugane	2	18	6	16	12	54
Lunden	1	10	8	9	19	47
Skei	1	9	16	8	12	46
Viksdalen		2	1	3	1	7
Naustdal idrettsbhg (P)	8	9	24	20	15	76
Sande (P)	8	14	27	23	22	94
Stardalen (P)		2		4		6
Vassenden (P)	1	9	4	1	8	23
Ålhus (P)	1	2	5	3	1	12
Samla	24	85	103	104	101	417

Samanlikna med inneverande barnehageår er det 111 færre barn i distriktet. I tabellen under er ein oversikt over kor mange registrerte innbyggjarar som ikkje har barnehageplass:

Barnehage	2024	2023	2022	2021	2020	Totalt
Innbyggjarar	102	91	105	108	103	509
Har barnehageplass	24	85	103	104	101	417
Har ikkje barnehageplass	78	6	2	4	2	92

Sunnfjord kommune

Område	2024	2023	2022	2021	2020	Totalt
Førde sentrum	11	119	131	144	134	539
Distriktet	24	85	103	104	101	417
Sunnfjord kommune	35	204	234	248	235	956

Samanlikna med inneverande barnehageår er det 275 færre barn i barnehagesektoren i Sunnfjord kommune. I tabellen under er ein oversikt over kor mange registrerte innbyggjarar som ikkje har barnehageplass:

Barnehage	2024	2023	2022	2021	2020	Totalt
Innbyggjarar	253	219	240	248	233	1 193
Har barnehageplass	35	204	234	248	235	956
Har ikkje barnehageplass	218	15	6	0	-2	237

Det er 275 barn som går ut av barnehagen hausten 2025 og det er 237 innbyggjarar som per i dag ikkje har barnehageplass. Det er 38 færre barn som potensielt har bruk for barnehageplass barnehageåret 2025/2026 samanlikna med kullet som går ut.

4.4.3 Nye søknadar til barnehageåret 2025/2026 per 25.02.2025

Tala er foreløpige tal, dei er henta ut 25.02.2025. Søknadsfristen for barnehageopptaket er 4. april og det kjem truleg fleire søknadar fram mot søknadsfristen. Tal i kapittelet gir ein status per i dag, og kan gi eit bilet på kva tiltak som er mogeleg å gjennomføre. Talmaterialet blir ikkje fordelt ned på barnehagenivå, men på eit overordna nivå fordelt på Førde sentrum, distriktet og samla for Sunnfjord kommune.

Område	2025	2024	2023	2022	2021	2020	Totalt
Førde sentrum	1	109	12	3	0	0	125
Distriktet	1	41	5	1	0	0	48
Sunnfjord kommune	2	150	17	4	0	0	173

Førde sentrum

- 1 barn født i 2025 har allereie søkt om barnehageplass
- Trekk vi frå det barnet som ikkje har lovfesta rett til barnehageplass er det 124 som har rett til plass
- Ut frå tabellen i førre kapittel er det 145 innbyggjarar i aldersgruppa 1-5 år (2024-2020) som ikkje har barnehageplass i dag
- 124 av desse har allereie søkt om barnehageplass
- Det er eit avvik mellom tal innbyggjarar utan barnehageplass og dei som har søkt på 19 barn

Distriktet

- 1 barn født i 2025 har allereie søkt om barnehageplass
- 4 barn født etter 1.12.2024, har ikkje lovfesta rett til barnehageplass, har søkt
- Trekk vi frå dei 5 som ikkje har lovfesta rett til barnehageplass er det 43 som har rett til plass
- Ut frå tabellen i førre kapittel er det 92 innbyggjarar i aldersgruppa 1-5 år (2024-2020) som ikkje har barnehageplass i dag
- 43 av desse har allereie søkt om barnehageplass
- Det er eit avvik mellom tal innbyggjarar utan barnehageplass og dei som har søkt på 49 barn

Sunnfjord kommune

- 2 barn født i 2025 har allereie søkt om barnehageplass
- 4 barn født etter 1.12.2024, har ikkje lovfesta rett til barnehageplass, har søkt
- Trekk vi frå dei 6 som ikkje har lovfesta rett til barnehageplass er det 167 som har rett til plass
- Ut frå tabellen i førre kapittel er det 237 innbyggjarar i aldersgruppa 1-5 år (2024-2020) som ikkje har barnehageplass i dag
- 167 av desse har allereie søkt om barnehageplass
- Det er eit avvik mellom tal innbyggjarar utan barnehageplass og dei som har søkt på 70 barn

4.5 Kapasitet i Sunnfjordbarnehagen

4.5.1 Kapasitet med dagens struktur hausten 2025

I oversikta over kapasitet er både arealplassar, heiltidsbarn og barnehageplassar tatt med.

I oversikta over kapasitet er det lagt inn eit tal barnehageplassar basert på kor mange avdelingar barnehagen der dei fleste nyttar 9/18 plassar for å syne om lag kor mange barnehageplassar det er.

Førde sentrum

Barnehage	Godkjent leike- og oppholdsareal	Areal-plassar	Heiltids-barn	Barnehage - plassar
Halbrend	359	79,8	54	72
Hatlehaugen	257	57,1	45	54
Nærleiken	608	135,1	81	108
Slåttebakken	224	49,8	45	54
Solsida Haugum	249	55,3	45	54
Solsida Toene	306	68,0	54	72
Sunde	394	87,6	54	72
Tusenfryd	258	57,3	44	56
Vie	491	109,1	81	108
Vieåsen	347	77,1	54	72
Ytre Hafstad	443	98,4	54	72
Prestebakken(P)	315	78,8	51	66
Solvang(P)	313	78,3	54	72
Viebøen(P)	416	104,0	60	84
Førde sentrum	4 980	1 135,7	776	1 016

Tal heiltidsbarn og tal plassar i private barnehagar blir truleg framstilt noko lågare enn den kapasiteten dei nyttar i og med at dei nyttar arealplassar i større grad. Kapasiteten i forhold til barnehageplassar i Førde sentrum er nok noko høgare enn det som kjem fram i tabellen.

Holsen

Barnehage	Godkjent leike- og opphaldsareal	Areal-plassar	Heiltids-barn	Barnehage - plassar
Holsen	208	46,2	27	36

Bygstad

Barnehage	Godkjent leike- og opphaldsareal	Areal-plassar	Heiltids-barn	Barnehage - plassar
Bygstad	500	111,1	72	90

Sande

Barnehage	Godkjent leike- og opphaldsareal	Areal-plassar	Heiltids-barn	Barnehage - plassar
Sande	726	181,5	81	108

Tal heiltidsbarn og tal plassar i Sande barnehage blir truleg framstilt noko lågare enn kapasiteten dei nyttar i og med at dei nyttar arealplassar i større grad.

Viksdalen

Barnehage	Godkjent leike- og opphaldsareal	Areal-plassar	Heiltids-barn	Barnehage - plassar
Viksdalen	108	24	18	18

Naustdal

Barnehage	Godkjent leike- og opphaldsareal	Areal-plassar	Heiltids-barn	Barnehage - plassar
Lunden	524	116,4	75	90
Naustdal idrettsbhg(P)	511	127,8	81	108
Naustdal	1 035	244,2	153	198

Tal heiltidsbarn og tal plassar i Naustdal idrettsbarnehage blir truleg framstilt noko lågare enn kapasiteten dei nyttar i og med at dei nyttar arealplassar i større grad.

Vassenden

Barnehage	Godkjent leike- og oppholdsareal	Areal-plassar	Heiltids-barn	Barnehage - plassar
Langhaugane	670	148,9	108	144
Vassenden(P)	294	73,5	45	54
Ålhus(P)	101	25,3	24	24
Vassenden	1 065	247,6	177	222

Skei

Barnehage	Godkjent leike- og oppholdsareal	Areal-plassar	Heiltids-barn	Barnehage - plassar
Skei	439	97,6	66	84
Stardalen(P)	57	14,3	16	16
Skei	496	111,8	82	100

Kapasiteten i Sunnfjord

Barnehage	Godkjent leike- og oppholdsareal	Areal-plassar	Heiltids-barn	Barnehage - plassar
Førde sentrum	4 980	1 135,7	776	1 016
Holsen	208	46,2	27	36
Bygstad	500	111,1	72	90
Sande	726	181,5	81	108
Viksdalen	108	24,0	18	18
Naustdal	1 035	244,2	153	198
Vassenden	1 065	247,6	177	222
Skei	496	111,8	82	100
Sunnfjord kommune	9 118	2 102,1	1 386	1 788

5 Behov for barnehageplassar barnehageåret 2025/2026

I talgrunnlaget som er i kapittelet er det lagt inn at alle barn har 100 % plass. Det er til saman 20 barn i Sunnfjord kommune som har lågare plass enn 100 % i følgje analysebrettet for barnehage (Utdanningsdirektoratet).

I tabellen under har vi tatt med dei barna som har barnehageplass per i dag, søknadar som har kome og innbyggjarar utan plass per i dag. Det er truleg at fleire av dei som per i dag ikkje har barnehageplass vil söke om plass innan fristen. Basert på talmaterialet skal vi få oversikt over kor mange plassar vi har bruk for barnehageåret 2025/2026. Det er utfordrande å få 100 % nøyaktige tal, då det kan kome fleire innbyggjarar til Sunnfjord kommune fram mot nytt barnehageår.

Sunnfjord kommune

Barnehage	Barnehageåret 2025/2026				
	Heiltidsbarn			Plassar i bruk	Arealplassar i bruk
	0-2 år	3-6 år	Samla		
Førde sentrum	272,0	412,0	684,0	956,0	775,4
Holsen	7,0	9,0	16,0	23,0	18,3
Bygstad	20,0	33,0	53,0	73,0	59,7
Sande	37,0	72,0	109,0	146,0	121,0
Viksdalen	5,0	5,0	10,0	15,0	11,7
Naustdal	50,0	95,0	145,0	195,0	161,4
Vassenden	49,0	57,0	106,0	155,0	122,2
Skei	26,0	41,0	67,0	93,0	76,2
Sunnfjord kommune	466,0	724,0	190,0	656,0	345,9
Kapasitet				1	2
			788,0		102,1
Ledige plassar			132,0		756,3

Basert på talmaterialet vi har per i dag er det til saman 132 ledige barnehageplassar for barnehageåret 2025/2026.

I Førde sentrum ser tala slik ut:

Barnehage	Barnehageåret 2025/2026				
	Heiltidsbarn			Plassar i bruk	Arealplassar i bruk
	0-2 år	3-6 år	Samla		
Førde sentrum	272,0	412,0	684,0	956,0	775,4
Kapasitet				1	1
			016,0		135,7
Ledige plassar			60,0		360,3

Basert på talmaterialet vi har per i dag er det til saman 60 ledige barnehageplassar i Førde sentrum for barnehageåret 2025/2026.

6 Korleis påverkar tiltaka tilsette i barnehagesektoren

Fleire av tiltaka vil påverke tilsette i barnehagesektoren, både dei som handlar om driftstiltak og dei som handlar om strukturtiltak. I kapittelet er ei oversikt over kva føringar som gjeld sentralt og kva som er nedfelt lokalt.

- Fast tilsette i alle barnehagar kan bli påverka av tiltak 1 ressursmodell for barnehage, dersom det er overtalige på arbeidsplassen.
- Fast tilsette i barnehagar som blir lagt ned blir påverka av tiltaket.
- Fleire tilsette kan oppleve å bli omplassert uavhengig av kva barnehage som blir lagt ned
- Vikariat i barnehagesektoren kan bli avvikla som følgje av overtalige i barnehagesektoren.
- Fast tilsette blir prioritert inn i ledige stillingar i barnehagesektoren.

6.1 Føringar

6.1.1 Hovudtariffavtalen

Gjeldande hovudtariffavtale gjeld for perioden 01.05.2024-30.04.2026. Det er kapittel 1 Fellesbestemmelser § 3 Oppsigelse, omplassering som er aktuell i forhold til saka om kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen.

Krav i hovudtariffavtalen, § 3 oppsigelse og omplassering:

Paragraf	Innhald
3.3 Innskrenking/rasjonalisering	<ul style="list-style-type: none">• Når vilkåra er like skal dei med kortast teneste innanfor vedkommande arbeidsområde i kommunen seiast opp først, jf. arbeidsmiljølova § 17-7 (2) og hovedavtalen del B § 1-4-1 og del C § 3-1.
3.4 Omplassering (3.4.1)	<ul style="list-style-type: none">• Ved omplassering/overgang til lågare lønna stilling i same kommune på grunn av omplassering m.m. skal arbeidstakar behalde si noverande løn som personleg ordning.
3.4. Omplassering (3.4.2 Andre forhold)	<ul style="list-style-type: none">• Arbeidstakar som etter avtale med kommunen går over i lågare lønna stilling, kan som personleg ordning behalde inntil si tidlegare lønna stilling på overgangstidspunktet når det er ein del av avtalen.

6.1.2 Arbeidsmiljøloven

Krav i arbeidsmiljølova, kapittel 15. Opphør av arbeidsforhold:

Paragraf	Innhald
15-1. Drøfting før beslutning om oppsigelse	<ul style="list-style-type: none">• Før arbeidsgjevar fattar avgjerd om oppseiing skal det så langt det er mogeleg drøftast med arbeidstakar og tillitsvald om arbeidstakar ønsker det• Grunnlaget for oppseiing og eventuelt mellom kven at dei tilsette som skal seiast opp skal drøftast
15-2. Informasjon og drøfting ved masseoppsigelser	<ul style="list-style-type: none">• Masseoppseiing er når minst 10 arbeidstakarar blir sagt opp innanfor eit tidsrom på 30 dagar utan at oppseiinga er grunngjeve i den enkelte arbeidstakar sitt forhold• Om arbeidsgjevar vurderer masseoppseiing skal ein tidlegast mogeleg gå i drøfting med arbeidstakarane sine tillitsvalde for å kome fram til ein avtale for å unngå masseoppseiing eller redusere tal oppseiingar• Arbeidsgjevar har plikt til å gi tillitsvalde alle relevante opplysningar, skriftleg melding om:<ul style="list-style-type: none">○ Grunnen til oppseiing○ Tal arbeidstakar som kan bli sagt opp○ Arbeidsgruppe dei tilhører○ Tal arbeidstakar som normalt er tilsett○ Arbeidstakargrupper som normalt er sysselsett○ Perioden oppseiing kan bli sett i verk○ Forslag til kriterium for å velje ut dei som eventuelt skal seiast opp○ Forslag til kriterium for berekning av eventuelle ekstraordinære sluttvedelerlag

6.1.3 Sunnfjord kommune si personalhandbok

I kapittel 03 Endring og opphør av arbeidstilhøve står det mellom anna:

Kapittel	Innhald
5.5 Endring av eksisterande arbeidstilhøve	<ul style="list-style-type: none">• Endring av arbeidstakar sitt eksisterande arbeidstilhøve enten ved å endre stillinga sitt innhald eller omplassering blir styrt av arbeidsgjevar sin styringsrett (avgrensa av arbeidstakar sitt stillingsvern)• Styringsretten er arbeidsgjevar sin rett til å:<ul style="list-style-type: none">○ tilsette arbeidstakarar○ går til oppseiing av arbeidstakarar○ leie arbeidet○ organisere og fordele arbeidet○ kontrollere arbeidet

- Styringsretten er avgrensa av lover og forskrifter, tariffavtalar og individuelle rettar
- For å vurdere om omplassering/endring av stillinga sitt innhald er innanfor styringsretten må arbeidsgjevar gjere ei vurdering av noverande stilling:
 - arbeidsoppgåver
 - ansvarsområde
 - leiarposisjon
 - løn
 - andre rettar
- I utgangspunktet kan arbeidstakar settast til likeverdig arbeid
- Arbeidsgjevar kan gjere ein einsidig disposisjon som arbeidstakar må akseptere – om det ikkje blir akseptert kan det i ytste konsekvens innebere ordrenekta som kan vere grunnlag for avskjed
- Arbeidsgjevar sin disposisjon er lovleg dersom det ikkje er vesentleg endring i stillingsinnhald og oppgåver i forhold til noverande arbeidsavtale og stillingsinnhald
- Representerer endringa vesentleg avvik i forhold til noverande stilling må det gjennomførast «endringsoppseiing» om arbeidstakar ikkje frivillig flyttar/endrar stillingsinnhald

5.13 Oppseiing på grunn av tilhøve knytt til verksemda

- Ved omorganisering, effektivisering og rasjonalisering kan det bli behov for nedbemanning i Sunnfjord kommune
- Nedbemanningsprosessane skal vere ryddige og følgje gjeldande lov- og regelverk
- For å nå målsettingane skal det vere god samhandling med tillitsvalde og vernetenesta
- ProsesSEN skal vere open og kjent for alle arbeidstakarar

Eiga rutine for prosessen

- Oppstart av prosessen – tiltak før vedtak
 - Erkjennung av utfordring
 - Val av prosess – metode
 - Informasjon til tilsette
 - Framlegg til løysing/vedtak
 - Drøftingar med TV (HTV)
 - Handsaming i arbeidsmiljøutvalet
 - Justering av løysingsframlegg og vedtak
- Vedtak
- Iverksetting av tiltak
 - Identifisering av rammer
 - Kriteria for omplassering og nedbemanning/oppseiing i kommunen

- Val av arbeidstakarar som blir omfatta av endringane
- Informasjon til tilsette
- Støttegruppe
- Prosessen vidare – arbeide i nedbemanningsutval og dei formelle prosessar
- Alternative tiltak til oppseiing
- Vedtak om omplassering og oppseiing
- Etter gjennomført tiltak
 - Informasjon til tilsette
 - Etablering av ny organisasjon
 - Reglar for handsaming av omplasserte, tilsette med førerett og oppsagde arbeidstakarar
- Evaluering

6.2 Prosess

Det er ein omfattande prosess ovanfor dei tilsette som skal gjennomførast som ein konsekvens av tiltaka som blir vedteke. I fleire av tiltaka, som ressursmodell for barnehage og kontinuerleg barnehageopptak kan det omfatte fleire barnehagar, i tillegg til barnehagar som blir lagt ned.

Ei av dei største utfordringane for å kunne gjennomføre ein god prosess ovanfor dei tilsette er tidsaspektet frå endeleg vedtak er fatta til iverksetting av tiltaka som gjeld frå august 2025.

6.3 Konsekvensar for tilsette som blir påverka av tiltaka

Det vil ha konsekvensar for tilsette som blir påverka av tiltaka som blir vedteke. To av tiltaka handlar om drifta, ressursmodell for barnehage og kontinuerleg barnehageopptak. Potensielt kan alle barnehagar blir påverka av desse tiltaka og ha overtalige.

I tillegg til tiltaka som gjeld drift er resten av tiltaka strukturtiltak. Skal kommunen oppnå effekt av desse tiltaka er det behov for å redusere tal årsverk vi har i barnehagesektoren per i dag. Det vil påverke dei som arbeidar i barnehagane som blir lagt ned, men vil også påverke heile barnehagesektoren då det kan vere tilsette i andre barnehagar som har kostast arbeidsforhold.

Til fleire store tiltak som blir vedteke til meir omfattande blir prosessen ovanfor dei tilsette.

7 Tiltak

7.1 Tiltak 1: Ressursmodell

Hovudpunkta om tiltaket

Sentrale moment:

- Utarbeida ein ressursmodell for grunnbemanning, leiingsressurs og styrkingstiltak for barn med spesielle behov.
- Prinsipp:
 - Grunnbemanning – 5,9 barn per vaksen
 - Leiingsressurs – grunnressurs 46 % og 1 % per plass i barnehagen
 - Styrkingstiltak – 1,5 % per heiltidsplass og 1 årsverk til barn med varige behov

Gjennomføring:

- Ressursmodellen blir tatt i bruk frå barnehageåret 2025/2026

Konsekvensar:

- Likebehandling mellom barnehagane
- Verktøy som gir betre oversikt
- Skapar føreseielege og rettferdige rammer
- Fleire barnehagar får mindre vaksentettleik, men innanfor lovkrava

Innsparingspotensialet:

- 3 MNOK – samla innsparing på leiingsressurs med 4,3 årsverk (heilårseffekt)
- Overtalige i barnehagane – det er vanskeleg å slå fast kor mykje innsparing det er før vi har oversikt over barnehageopptaket 2025/2026

Investeringsbehov:

- Tiltaket fører ikkje til investeringsbehov. Dette tiltaket påverkar drifta av barnehagesektoren.

Vurdering:

- Kommunedirektøren vurderer at tiltaket blir vedteke med dei prinsippa som er utarbeida i modellen.
- Kommunedirektøren får mynde til å justere prinsippa i modellen for å ha ei berekraftig drift i barnehagesektoren innanfor regelverket

7.1.1 Sentrale moment

Utarbeide ein ressursmodell for å fordele ressursar til primært kommunale barnehagar. Ein faktor i modellen, styrkingstiltak, vil òg gjelde for private barnehagar.

Sunnfjord kommune har hatt eit samarbeid med Agenda Kaupang for å utarbeide ein ressursmodell for barnehage. Det har vore ei kommunal prosjektgruppe med representantar frå einingsleiarar i barnehage, PPT, fagutvikling, kommunalsjef og tillitsvalde.

Arbeidsgruppa har arbeidd frå november 2024 til februar 2025 og har til saman hatt 4 halvdagsmøter.

Faktorar som er blitt utarbeida i modellen

- Ressursar til grunnbemanning (bemanning- og pedagognorm)
- Leiingsressurs
- Styrkingstiltak til barn med spesielle behov

Agenda Kaupang har utarbeida ein rapport, der vi får:

- analyse av kostnad og kvalitet
- befolkningsprognose
- modell for etterspørsel og budsjetterte plassar (grunnbemanning)
- leiingsressurs
- styrkingstiltak for barn med spesielle behov (grunnressurs og ressurs til barn med varige behov)

Overordna faktorar som er prinsipp for modellen:

Faktorar	Prinsipp
Grunnbemanning	<ul style="list-style-type: none">• 5,9 barn per vaksen i barnehagen
Leiingsressurs	<ul style="list-style-type: none">• Grunnressurs på 46 %• 1 % per plass i barnehagen
Styrkingstiltak for barn med spesielle behov	<ul style="list-style-type: none">• 1,5 % per heiltidsplass (årsverk i tillegg til grunnbemanning)• 1 årsverk til barn med varig omfattande behov for særskilt tilrettelegging

7.1.2 Konsekvensar

Konsekvensar ved innføring av ressursmodell:

Konsekvensar

- Ressursmodellen skapar likebehandling mellom barnehagane
- Kommunen får eit verktøy som gir betre oversikt, og sikrar god og effektiv drift
- Skapar føreseielege og rettferdige rammer for barnehagane – prognosar for minimum 4 år
- Leiingsressursen blir samla for barnehagesektoren redusert ut frå dagens ordning
- Barnehagane har støtte frå stabane i Sunnfjord kommune som kan kompensere for mindre leiingsressurs
- Fleire barnehagar vil oppleve mindre vaksentettleik, men vil stette lovkrava om bemanning- og pedagognorm i barnehagelova og forskrift
- I barnehagar som har meir bemanning/tilsette enn barnetalet tilseier dei skal ha etter ressursmodellen må bytte arbeidsplass som følgje av det

7.1.3 Innsparingspotensialet

Det er utfordrande å gje ei konkret prognose på kva innsparingspotensialet er ved å bruke modellen før den er tatt i bruk, og før vi har oversikt over kor mange barn som går i barnehagen frå hausten 2025. Vi får ikkje oversikt over dette før barnehageopptaket våren 2025 er gjennomført. Målet er å gjennomføre barnehageopptaket i april.

Innsparingspotensialet i forhold til prinsippa

I Sunnfjord kommune hadde vi i kommunale barnehagar eit gjennomsnitt på 5,6 barn per årsverk i grunnbemanning (desember 2024), målet i ressursmodellen er at gjennomsnittet skal vere 5,9 barn per årsverk. Det vil sei at vi aukar produktiviteten med 0,3. Dette fører til at vi effektiviserer avdelingane samanlikna med dagens situasjon.

Sunnfjord kommune har hatt ei norm for leiingsressurs fram til no:

Storleiken på barnehagen	Leiingsressurs i årsverk
1 avdeling	0,4
3 avdelingar	1,0
4 avdelingar	1,5
6-7 avdelingar	2,0

Den nye modellen baserer seg på faktorane: ein grunnressurs og ein faktor per plassar i bruk. Samanlikna med andre kommunar ligg vi betydeleg høgare enn landsgjennomsnittet i leiingsressurs. Sjølv i den nye modellen vil vi ligge høgare enn landsgjennomsnittet. Basert på den nye modellen vil barnehagesektoren redusere leiingsressursen med 4,3 årsverk.

Med ein sjablong på 700 000 kr per årsverk vil det gi ei innsparing på 3 MNOK (heilårseffekt).

Styrkingstiltak til barn med spesielle behov er lagt på same nivå som tidlegare. Vi har per i dag ikkje oversikt over omfanget, vi har meir kunnskap om dette når barnehageopptaket er gjennomført.

Føresetnadar for å nå innsparingspotensialet

- Redusere årsverk i barnehagesektoren for å kome på nivået i ressursmodellen, ikkje ha overtalige i barnehagane
- Redusere leiingsressursen for å kome på nivået i ressursmodellen, ikkje ha overtalige i barnehagesektoren

7.1.4 Vurdering

- Målet med å innføre ein ny ressursmodell er å ha eit betre verktøy for kommunalsjef til å drifta sektoren meir effektivt og rettferdig.
- Skape føreseielege rammer for barnehagane.
- Sikre at vi driv etter lovverket.
- Få ei innsparing i drifta ved å drifta avdelingar meir effektivt, gjennomsnittleg 5,9 barn per årsverk.
- Redusere leiingsressursen i barnehagesektoren.
- Skape føreseielege rammer, både for kommunale og private barnehagar, til å sette inn styrkingstiltak for barn med spesielle behov.

Kommunedirektøren si samla vurdering er at tiltak 1 ressursmodell blir vedteken med dei prinsippa som er utarbeida i modellen. Kommunedirektøren får mynde til å justere prinsippa i modellen for å ha ei berekraftig drift i barnehagesektoren innanfor regelverket

Det er mogeleg å få ein større økonomisk effekt av modellen ved å gjere justeringar på faktorane som ligg til grunn i modellen. Å få ein større økonomisk effekt kan påverke kvaliteten på tilbodet i barnehagen.

Grunnbemanning

Faktoren for grunnbemanning ligg tett på lovkravet med 5,9 barn per vaksen, det er 0,1 frå lovkravet. Det er mogeleg å justere faktoren med 0,1, men kan vere svært utfordrande å nå i praksis. Det er meir sannsynleg at det er behov for å gjere subjektive vurderingar for å få ei føremålstenleg bemanning. Kommunedirektøren vurderer at det ikkje er føremålstenleg å justere denne faktoren i modellen.

Leiingsressurs

Det er mogeleg å endre grunnressursen på 46 % til ein lågare faktor. Grunnressursen er ein fast faktor uavhengig av kor stor barnehagen er. I tillegg er det 1 % per plass i barnehagen som er i bruk.

Begge faktorane er mogeleg å justere for å redusere kostnadane i modellen. Det er ikkje lovkrav som tilseier at vi skal ha det nivået vi har lagt oss på i modellen. Det vi må ta omsyn til er innhaldet i SFS 2201 (Sentral forbundsvise særavtale for barnehage skulefritidsordning, skule og familiebarnehagar). I avtalen står det i punkt 3.1.1 styrer/ledere i barnehage at:

- barnehagen skal som hovudregel ha styrar i heil stilling
- barnehagar med 42 barn eller fleire skal ha styrar i heil stilling
- i store barnehagar bør det oppretta assisterte styrar
- i mindre barnehagar skal styrar ha minimum 0,35 årsverk til leiaroppgåver

Faktorane som er lagt til grunn i modellen ligg over minimumskrava i SFS 2201.

Styrkingstiltak til barn med spesielle behov

I modellen er det lagt inn at barnehagen får ein grunnressurs som skal ta i vare mindre behov på 1,5 % per barnehageplass. I modellen har vi valt å legge inn ein grunnressurs som barnehagane er sikra uavhengig om det er barn som har rett til enkeltvedtak etter §§ 31. Spesialpedagogisk hjelp eller 37. Barn med nedsett funksjonsevne. Det gir barnehagane rom for å arbeide med tidleg innsats samtidig som dei skal arbeide med barn som har mindre enkeltvedtak.

I tillegg er det lagt inn i modellen at barn med varige omfattande behov får tildelt 1 årsverk.

Det er ikkje spesifikke lovkrav som definerer kor mykje ressursar vi skal bruke på barn med spesielle behov.

Lovkravet til kommunen er:

Barn har rett på enkeltvedtak etter § 31 dersom vi ikkje kan gi barnet eit godt nok tilbod innanfor det ordinære barnehagetilbodet, der vi tar i vare utviklinga til barnet. Etter denne paragrafen skal PPT skrive ei sakkunnig vurdering der dei vurderer at det er eit behov og kjem med ei tilråding. Kommunen er ikkje forplikta til å følgje tilrådinga dersom vi meiner vi kan gi eit godt nok barnehagetilbod innanfor det ordinære.

Barn har rett på enkeltvedtak etter § 37 dersom dei ikkje klarar å nytte seg av det ordinære barnehagetilbodet utan tilrettelegging. Det er ikkje behov for at andre instansar definerer at det er eit behov, det er tilstrekkeleg at barnehagen vurderer dette sjølv.

7.2 Tiltak 2: Kontinuerleg barnehageopptak

Hovudpunktene om tiltaket

Sentrale moment:

- I kontinuerleg barnehageopptak er det i hovudsak tildelt plassar til barn som ikkje har lovfesta rett til barnehageplass
- Samanlikna med andre kommunar har vi ein større del 0-åringar som får tildelt plass
- Plikt til kommunen er å tildele barnehageplass til barn som har lovfesta rett til plass
- Kommunen pliktar å ha tilgjengelege beredskapsplassar til barn og familiarar som har behov for det
- 44 barn utan lovfesta rett til plass har fått tilbod i inneverande barnehageår

Gjennomføring:

- Kontinuerleg barnehageopptak blir avvikla frå barnehageåret 2025/2026

Konsekvensar:

- Å avvikle kontinuerleg barnehageopptak vil redusere tilbodet til innbyggjarane
- Barnegruppene får etablere seg som gruppe

Innsparingspotensialet:

- 4,1 MNOK – samla innsparing i kommunale barnehage ved å redusere tal tilsette i barnehagesektoren (heilårseffekt)

Investeringsbehov:

- Tiltaket fører ikkje til investeringsbehov, dette tiltaket påverkar drifta av barnehagesektoren

Vurdering:

- Kommunedirektøren vurderer at kontinuerleg barnehageopptak slik det er praktisert i dag blir avvikla
- Kostnadane for å drifte kontinuerleg barnehageopptak er høge og majoriteten av barn som får tilbod har ikkje lovfesta rett til barnehageplass

7.2.1 Sentrale moment

Sunnfjord kommune har sidan 2021 hatt kontinuerleg barnehageopptak. I hovudsak er det gjennom ordninga blitt tildelt plassar til barn som ikkje har lovfesta rett til barnehageplass, det vil sei barn som er 1 år født etter 1. desember og 0-åringar. Samanlikna med andre kommunar har vi ein større del 0-åringar som får tildelt plass.

Plikt til kommunen er å tildele barnehageplass til barn som har lovfesta rett til barnehageplass, jf. barnehagelova § 16. Rett til plass i barnehage:

- Barn som innan utgangen av august fyller 1 år
- Barn som fyller 1 år frå september til november har rett til plass innan utgangen av månaden dei fyller 1 år.

I forarbeidet til paragrafen er det lagt inn følgande merknadar:

- Ein føresetnad for å ha rett til barnehageplass for barn født september til november er at foreldre har søkt innan fristen kommunen har sett.
- Foreldre med barn født i september til november kan starte i barnehagen frå august dersom kommunen tilbyr plass frå den månaden.
- Foreldre pliktar å betale foreldrebetaling frå den månaden barnet startar i barnehagen.
- Det er opp til kommunen å organisere opptaket til barnehage, tidlegare var det eit krav om minst eit hovudopptak.

I praksis har kommunen hatt eit hovudopptak i mars og kontinuerleg opptak etter kvart som det er kome inn søknadar etter hovudopptaket.

Kommunen pliktar å ha beredskapsplassar for å gi barn som har behov for barnehageplass med ein gong. Det kan vere barn som har spesielle behov, sjukdom i familien eller blir plassert i fosterheim.

I 2024/2025 er det 44 barn som ikkje har lovfesta rett til barnehageplass som har fått tilbod om plass og skal starte i løpet av barnehageåret, primært har barna oppstart frå januar til juni 2025.

Kommunen kan ikkje regulere private barnehagar å ta inn barn som ikkje har lovfesta rett til barnehageplass. Dei kan styre inntaket sjølv.

7.2.2 Konsekvensar

Konsekvensar ved å avvikle kontinuerleg barnehageopptak.

Konsekvensar

- Å avvikle kontinuerleg barnehageopptak reduserer tilboden og fleksibiliteten til innbyggjarane i kommunen
- Ved å avvikle ordninga får barnegruppene etablere seg som gruppe
- Barnehagesektoren treng ikkje å tilsette for å oppretthalde ordninga og kan redusere tal tilsette i sektoren og får ei meir effektiv drift
- Avvikling av ordninga kan føre til fleire overtalige i sektoren som kan bli påverka av tiltaket

7.2.3 Innsparingspotensialet

Samla har kommunen hatt ein kostnad på om lag 9 millionar kroner til kontinuerleg barnehageopptak i 2024. Summen fordeler seg slik mellom drift i kommunale barnehagar og tilskot til private barnehagar.

Drift i kommunale barnehagar 4,1 MNOK

Tilskot til private barnehagar 4,9 MNOK

Tilskotet til private barnehagar er ikkje mogeleg å ta ned, dei har rett til tilskot for alle barn som er rapportert inn i årsmeldinga per 15.12. I 2025 er kostnaden til private barnehagar som har gitt tilbod til barn utan lovfesta rett 6,1 MNOK.

I 2024 var det til saman 16 barn som var inkludert i tilskot til private barnehagar som ikkje hadde lovfesta rett til barnehageplass. I 2025 er det 18 barn som ikkje har lovfesta rett til barnehageplass. Det er om lag same tal barn, men samla sum for desse barna har auka med 1,2 MNOK. Det kjem både frå at det er 2 fleire barn, men også at drifta i kommunale barnehagar er dyrare.

Sunnfjord kommune kan berre styre inntaket i kommunale barnehagar. Ved å avvikle kontinuerleg barnehageopptak i kommunale barnehagar kan vi ta ned drifta med 4,1 MNOK som heilårseffekt dersom vi reduserer tal årsverk tilsvarende reduksjonen i inntaket vi har gjennomført i 2024.

Kostnadane i drifta til kommunale barnehagar vil ha effekt fra den dagen ordninga blir avvikla, men det vil ta tid før vi får full effekt i tilskot til private barnehagar. På sikt vil vi sjå effekt på tilskot til private barnehagar ved at satsane for barn 0-2 år og 3-6 år blir redusert og dei private barnehagane får mindre tilskot til ordinær drift.

7.2.4 Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at kontinuerleg barnehageopptak slik det er praktisert i dag blir avvikla. Kostnaden for å drifte kontinuerleg barnehageopptak er høg, både for å gi tilbod om barnehageplass og tilføre barnehagane ressursar og arbeidstid for å drifte ordninga. I tillegg er det vanskeleg å etablere barnegruppa fordi det er tilvenning av nye barn gjennom heile barnehageåret.

Å avvikle ordninga vil på kort sikt skape uro og få konsekvensar for familiar som har planlagt at dei får tilbod om barnehageplass når familiane sjølv ønsker det. På lengre sikt blir det føreseielege rammer for familiane.

Barnehagesektoren skal ta ned til saman 62,8 MNOK fram til 2032, og kommunedirektøren meiner derfor at dette er eit av tiltaka som blir gjennomført frå hausten 2025.

Kommunedirektøren ønsker å sikre at det er beredskapsplassar tilgjengeleg for familiar som har akutte behov, dette er i tråd med barnehagelova. I tillegg vil kommunen prøve å gi barn som flyttar til kommunen eit barnehagetilbod sjølv om dei ikkje har søkt innan fristen til barnehageopptaket, og dermed ikkje formelt har rett til plass før neste barnehageopptak.

Barn som flyttar til kommunen etter barnehageopptaket vil få tilbod der det er bemanning og plass innanfor opptakskretsen, som er Sunnfjord kommune. Kommunen vil prøve å gi eit rimeleg tilbod innanfor opptakskretsen i forhold til kor familien vel å busette seg.

7.3 Tiltak 3: Legge ned Tusenfryd barnehage

Hovudpunkta om tiltaket

Sentrale moment:

- Tusenfryd barnehage stettar ikkje forskrift om miljø og helse i barnehager, skoler og skolefritidsordninger
- Avvik frå forskrift om brannforebygging

- Ut frå talmaterialet vi har per i dag er det mogeleg å legge ned Tusenfryd barnehage, enten heile barnehagen eller 1 avdeling
- Tidsaspektet, frå endeleg vedtak til effektivisering hausten 2025, for å gjennomføre gode prosessar for barn og familiar og tilsette som blir påverka av tiltaket er utfordrande

Gjennomføring:

- Legge ned 1 avdeling frå hausten 2025 og innføre stopp i inntaket i barnehagen, unntak er søsken
- Legge ned Tusenfryd barnehage frå hausten 2026

Konsekvensar:

- Tiltaket vil påverke barn og familiar og tilsette som er knytt til barnehagen
- Kommunen får færre bygg å drifta
- Tida til å effektivisere er utfordrande
- Effektiviserer barnehagedrifta

Innsparingspotensialet (alle beløp i hele tusen):

- Det er størst effekt å legge ned Tusenfryd barnehage 10 487 kroner (heilårseffekt)
- Legge ned ei avdeling vil ha ei innsparing på 3 291 kroner (heilårseffekt)
- Sal av tomt, nettoverdi på 7 900 kroner

Investeringsbehov:

- Det er ikkje investeringsbehov ved å legge ned Tusenfryd barnehage
- Det er tilstrekkeleg plass i eksisterande barnehagar til å legge ned Tusenfryd barnehage

Vurdering:

- Kommunedirektøren vurderer at det er utfordrande å legge ned Tusenfryd barnehage frå hausten 2025 på grunn av tidsaspektet til å gjennomføre gode prosessar for barn og familiar og tilsette
- Kommunedirektøren vurderer at det er føremålstenleg å legge ned ei avdeling frå hausten 2025 og stoppe inntaket av nye barn

7.3.1 Sentrale moment

I tiltaket er det forslag om å legge ned Tusenfryd barnehage frå hausten 2025. Bakgrunnen for at barnehagen bli lagt ned er at den ikkje stettar forskrift om miljø og helse i barnehager, skoler og skolefritidsordninger (2018) og at barnehagen har avvik frå forskrift om brannforebygging (2022).

Talmaterialet er oppdatert sidan tiltaka blei lagt ut på høyring. Ut frå talmaterialet vi har per i dag vil det vere 60 ledige barnehageplassar i Førde sentrum for barnehageåret 2025/2026. Tala som blir lagt fram på noverande tidspunkt er dei mest relevante vi har. I Tusenfryd barnehage vil det med tala vi for hausten 2025 vere behov for 28 plassar.

Barnehage	Barnehageåret 2025/2026				
	Heiltidsbarn			Plassar i bruk	Arealplassar i bruk
	0-2 år	3-6 år	Samla		
Førde sentrum	272,0	412,0	684,0	956,0	775,4
Kapasitet			1016,0	1	135,7
Ledige plassar				60,0	360,3

Det er andre aspekt som er meir utfordrande for å få ei god gjennomføring og oppnå full effekt av tiltaket, som er meir sentrale faktorar for om det er føremålstenleg å gjennomføre tiltaket allereie hausten 2025.

Sentrale faktorar:

- Tidsaspektet frå politisk vedtak til gjennomføring
- Få ein god prosess for barn og familiar som blir påverka av tiltaket
- Få ein god prosess for tilsette som blir påverka av tiltaket

Tidsaspektet frå politisk vedtak til gjennomføring av tiltaket

Den politiske behandlinga blei utsett med ein månad frå februar til mars. Bakgrunnen for å utsette saka handlar om omfanget i saka og at det blei omfattande å bli klar til behandling i februar.

Ein konsekvens for utsetting av den politiske behandlinga er at frist for å søke barnehageplass er utsett frå 10. mars til 4. april. Barnehageopptaket kan ikkje gjennomførast før vi veit kva som blir det endelige vedtaket i saka.

Behandlinga av barnehageopptaket blir utsett med om lag ein månad før vi har full oversikt over kor mange som søker barnehageplass, kor dei får tilbod om barnehageplass og kor det er behov for å auke bemanninga for å stette lovkrava til bemanning- og pedagognorm.

Prosessen i forhold til tilsette kan ikkje starte før etter at opptaket er gjennomført.

Frå det er endelig vedtak i saka til å legge ned Tusenfryd barnehage frå barnehageåret 2025/2026, med verknad frå august, er det 5 månadar.

Effektiviseringa av vedtaket der Tusenfryd blir lagt ned frå hausten 2025 bør vere klar før sommarferien og bør då vere klar innan utgangen av juni, det gir kommunen 3 månadar til å gjennomføre barnehageopptak, ha ein god prosess for barn og familiar og dei tilsette.

Få ein god prosess for barn og familiar som blir påverka av tiltaket

Det skapar uro og usikkerheit for barn og familiar som er direkte påverka av at barnehagen blir lagt ned. Både i prosessen frå det er eit tema, til kva som skjer med oss dersom barnehagen blir lagt ned.

Det er bruk for å ha gode prosesser for barn og familiar som blir påverka av tiltaket. Det er vanskeleg å ha ein god prosess før vi har oversikt over kva det endelige vedtaket blir. Tidsrommet for å ha ein god prosess og kunne gi barn og foreldre god informasjon om kva tiltaket vil bety for dei, er vanskeleg å gjennomføre før etter endeleg vedtak.

Tidsrommet til å gjennomføre og ha dialog med dei som blir påverka av tiltaket er frå endeleg vedtak 27. mars i kommunestyret til søknadsfrist for barnehageopptaket 4. april. Det er om lag ei veke.

I tiltaket er det sagt at barn som blir påverka av nedleggingsvedtak skal få prioritet før barnehageopptaket. Potensielt kan dette påverke heile barnehageopptaket. Barn og foreldre må få informasjon om sine mogelegheiter:

- Flytte alle barna til ein barnehage – kva barnehagar er då aktuelle?
- Søke seg til ein annan barnehage dei sjølv ønsker

Få ein god prosess for tilsette som blir påverka av tiltaket

Kva prosesser som gjeld når ein barnehage blir lagt ned er omtalt i kapittel 6; Korleis påverkar tiltaka tilsette i barnehagesektoren.

For tilsette som blir direkte påverka av tiltaket skapar det ei uro og usikkerheit. Usikkerheita handlar om har eg jobb og kor skal eg arbeide i framtida. Det er eit klart og tydeleg regelverk som skal ta i vare dei tilsette i saker der barnehagar blir lagt ned.

Å legge ned Tusenfryd barnehage kan påverke tilsette i andre barnehagar i tillegg til Tusenfryd. Fleire går i vikariat, og det kan vere andre tilsette i organisasjonen som står i fare for å få endra sitt arbeidsforhold.

Oppsummering

Basert på tidsaspektet er administrasjonen uroleg for om vi klarar å gjennomføre ein god prosess for barn og familiar og tilsette om barnehagen blir lagt ned hausten 2025. Det er fleire større prosesser, som til dømes barnehageopptak, som fører til at det blir kort tid å gjennomføre prosesser både for barn og familiar og tilsette som blir påverka av tiltaket.

7.3.2 Innsparingspotensialet

Oversikt over innsparingspotensialet i heile tusen i budsjettal 2025.

Tiltak	4,5 md	Heilårseffekt
Legge ned ei avdeling frå hausten 2025	1 234	3 291
Legge ned heile barnehagen frå hausten 2025	3 933	10 487
Legge ned to avdelingar hausten 2026	2 800	7 466

For å nå innsparingspotensialet er det fleire vilkår som må slå inn:

- Redusere tal årsverk i barnehagesektoren tilsvarende årsverk som er i Tusenfryd barnehage i dag.
- Redusere kostnadane til reinhald tilsvarende det som blir nytta i barnehagen i budsjett til reinhald.
- Redusere kostnadane til vaktmeister tilsvarende det som blir nytta i barnehagen i budsjett til bygg- og eigedomsforvaltning.
- Sal av tomt for å fjerne kostnadene til tom bygningsmasse
- Andre driftskostnadene tilsvarende budsjettet til barnehagen
- Barn som går i Tusenfryd barnehage vel ein anna kommunal barnehage

Å legge ned ei avdeling vil gi mindre effekt både i forhold til budsjett og kostnadene til bygningsmasse som står tom.

Inntekter ved sal av tomt:

Sum av nettoverdi av tomt | 7 900

Sal av tomt kan nyttast til investeringar innafor barnehagesektoren som til dømes ny barnehage, utviding av eksisterande barnehage, ny barnehage på Flatene skule og oppgradering av uteområde til barnehagar som har bruk for det.

7.3.3 Konsekvensar

Konsekvensar ved å legge ned Tusenfryd barnehage.

Konsekvensar

- Utfordrande å gjennomføre gode prosessar med tanke på tidsaspektet
- Det påverkar barn og familiar som har sitt barnehagetilbod i barnehagen
- Barn og familiar får ein ny barnehage og ny tilvenning
- Fast tilsette vil bli påverka av tiltaket
- Tilsette i vikarstillingar får ikkje fornøya vikariatet
- Kommunen får færre bygg å drifte – sal av tomt
- Effektivisere barnehagedrifta
- Dersom barnehagen ikkje blir lagt ned, men redusert vil fleire faste tilsette bli påverka av tiltaket frå barnehageåret 2025/2026

7.3.4 Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at det er for lite tid til å gjennomføre tiltaket å legge ned Tusenfryd barnehage frå hausten 2025. Det blir for lite tid til å gjennomføre dei gode prosessane i forhold til barn og familiarer og tilsette som blir påverka av tiltaket.

Kommunedirektøren vurderer at det er føremålstenleg å legge ned ei avdeling frå hausten 2025 og stoppe inntaket av nye barn i barnehagen ved barnehageopptaket i 2025. Det blir gitt eit unntak om at søsken til barn som allereie går i Tusenfryd barnehage kan få starte i barnehagen. Barn og familiarer er då kjent med vilkåra om at barnehagen blir lagt ned hausten 2026 og kan gjere eigne vurderingar om dei ønsker at barnet skal gå eitt år i Tusenfryd barnehage før dei startar i ny barnehage.

I forslaget til kommunedirektøren blir Tusenfryd barnehage lagt ned frå hausten 2026. Ved å utsette nedlegging av heile barnehagen eitt år får barn og familiarer, tilsette og administrasjonen betre tid til å gjennomføre ein god prosess.

For å sikre ein best mogeleg prosess bør administrasjonen allereie starte prosessen hausten 2025.

7.4 Tiltak 4: Legge ned fleire barnehagar i Førde sentrum

Hovudpunkta om tiltaket

Sentrale moment:

- Basert på talmaterialet vi har per i dag og prognosane for framskriving av tal fødde barn i 2025 blir det vurdert at det er mogeleg å legge ned Solsida barnehage avdeling Haugum.
- Det er ledig kapasitet i Førde sentrum på bakgrunn av talmaterialet vi kjenner for barnehageåret 2025/2026 med 60 plassar – talgrunnlaget vil vere om lag på same nivå
- Det er størst nedgang i barnetalet i Førde barneskulekrinsen i Førde sentrum – det er bakgrunnen for at Solsida barnehage avdeling Haugum blir lagt ned

Gjennomføring:

- Legge ned Solsida barnehage avdeling Haugum frå hausten 2026

Konsekvensar:

- Tiltaket vil påverke barn og familiarer og tilsette som er knytt til barnehagen
- Kommunen får færre bygg å drifta
- Effektiviserer barnehagedrifta

Innsparingspotensialet:

- Legge ned Solsida barnehage avdeling Haugum vil ha ei innsparing på 7 988 kroner (heilårseffekt)

- Sal av tomt, nettoverdi på 2 700 kroner

Investeringsbehov:

- Det er ikke investeringsbehov ved å legge ned Solsida barnehage avdeling Haugum

Vurdering:

- Kommunedirektøren vurderer at det mogeleg å legge ned Solsida barnehage avdeling Haugum hausten 2026 ut frå talmaterialet og prognosar vi har per i dag.

7.4.1 Sentrale moment

I tiltaket er det sett på om det er mogeleg å legge ned fleire barnehagar i Førde sentrum utan at det er behov for å bygge ny barnehage frå hausten 2026.

Det er 5 barnehagar som er vurdert å leggast ned i dette tiltaket:

- Tusenfryd barnehage
- Hatlehaugen barnehage
- Vieåsen barnehage
- Solsida barnehage avdeling Haugum
- Slåttebakkane barnehage

Talmaterialet er oppdatert sidan tiltaka blei lagt ut på høyring. Ut frå talmaterialet vi har per i dag vil det vere 60 ledige barnehageplassar i Førde sentrum for barnehageåret 2025/2026. Tala som blir lagt fram på noverande tidspunkt er dei mest relevante vi har.

Barnehage	Barnehageåret 2025/2026				
	Heiltidsbarn			Plassar i bruk	Arealplassar i bruk
	0-2 år	3-6 år	Samla		
Førde sentrum	272,0	412,0	684,0	956,0	775,4
Kapasitet				1 016,0	1 135,7
Ledige plassar				60,0	360,3

Det er ikke kome nye framskrivingar for tal fødde per år sidan tiltaka blei lagt på høyring. I framskrivingane vi har per i dag blir det født 220 barn i 2025 i Sunnfjord kommune. Dette gir oss eit bilet, men er usikre tal. Vi har ikkje kjennskap til korleis tala fordelar seg mellom Førde sentrum og distriktet. Samanliknar vi tal innbyggjarar i 2024-kullet er det for Sunnfjord kommune 253 innbyggjarar som fordelar seg slik:

Område	Innbyggjarar
Førde sentrum	151
Distriktet	102

Prognosane syner at det blir født færre barn i 2025 samanlikna med 2024. 2020-kullet har per i dag 233 innbyggjarar og er om lag på same nivå som tal fødde i 2025. Basert på dette vil barnetalet truleg ligge om lag på same nivå som i dag.

Det er for neste barnehageår 60 ledige plassar i Førde sentrum. Dersom barnetalet ligg om lag på same nivå for barnehageåret 2026/2027 er det mogeleg å legge ned ein barnehage i tillegg til Tusenfryd barnehage i 2026.

I Førde sentrum er det Førde Barneskulekrins som har mest nedgang i barnetalet frå barnehageåret 2024/2025 til 2025/2026 med 10 færre barn i aldersgruppa 1-5 år. På bakgrunn av kor det er mest negativ utvikling vurderer kommunedirektøren at det er Solsida barnehage avdeling Haugum som blir lagt ned hausten 2026. Det er 3 andre barnehagar i same skulekrins, Solsida barnehage avdeling Toene, Nærleiken barnehage og Prestebakken barnehage.

Det er forslag om å effektivisere tiltaket hausten 2026. Det betyr at det er betre tid til å gjennomføre gode prosessar for barn og familiar og tilsette i og med at vedtaket ikkje blir effektivisert før om eitt år. Administrasjonen kan allereie hausten 2025 starte prosessane.

Barn og familiar vil allereie før barnehageopptaket våren 2025 har kjennskap til om fleire barnehagar blir lagt ned hausten 2026 og kan ta sine vurderingar basert på vedtaket som er gjort og velje kva barnehage dei ønsker barna skal gå i.

7.4.2 Innsparingspotensialet

Oversikt over innsparingspotensialet i heile tusen i budsjettal 2025.

Tiltak	4,5 md	Heilårseffekt
Legge ned barnehagen frå hausten 2026	2 996	7 988

For å nå innsparingspotensialet er det fleire vilkår som må slå inn:

- Redusere tal årsverk i barnehagesektoren tilsvarande årsverk som er i Solsida barnehage avdeling Haugum i dag.
- Redusere kostnadane til reinhald tilsvarande det som blir nytta i barnehagen i budsjett til reinhald.
- Redusere kostnadane til vaktmeister tilsvarande det som blir nytta i barnehagen i budsjett til bygg- og eigedomsforvaltning.
- Sal av tomt for å fjerne kostnadat til tom bygningsmasse
- Andre driftskostnadat tilsvarande budsjettet til barnehagen
- Barn som går i Solsida barnehage avdeling Haugum vel ein anna kommunal barnehage

Inntekter ved sal av tomt:

Sum av nettoverdi av tomt | 2 700

- Sal av tomt kan nyttast til investeringar innafor barnehagesektoren som til dømes ny barnehage, utviding av eksisterande barnehage, ny barnehage på Flatene skule og oppgradering av uteområde til barnehagar som har bruk for det.

7.4.3 Konsekvensar

Konsekvensar ved å legge ned Solsida barnehage avdeling Haugum 2026.

Konsekvensar

- Det vil påverke barn og familiar som har barnehagetilbod i barnehagen per i dag
- Barn og familiar får betre tid før barnehagen blir lagt ned
- Det vil påverke tilsette som har arbeid i barnehagen
- Det blir betre tid til å gjennomføre gode prosessar for tilsette
- Dersom barneinntaket blir stansa for inneverande barnehageår i ein eller fleire barnehagar kan det påverke tilsette, og at alle ikkje får fortsette barnehagen dei arbeidar i per i dag

7.4.4 Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at det er mogeleg å legge ned ein barnehage til hausten 2026 i tillegg til Tusenfryd. Basert på kva skulekrins det er mest nedgang er det Solsida barnehage avdeling Haugum som blir lagt ned.

På bakgrunn av at kommunedirektøren tilrår å legge ned Solsida barnehage avdeling Haugum frå hausten 2026 blir det stopp i inntaket i barnehagen frå hausten 2025.

Det vil vere noko usikkerheit i talmaterialet knytt til kor mange fødde i 2025 som vil ha rett på barnehageplass hausten 2026. Ut frå det vi har kunnskap om i dag vurderer kommunedirektøren at det er nok kapasitet i Førde sentrum til å gjennomføre tiltaket.

7.5 Tiltak 5: Utvide eksisterande barnehagar for å auke kapasiteten

Hovudpunkta om tiltaket

Sentrale moment:

- Det er vurdert å utvide frå 1-3 avdelingar.
- Det er vurdert potensiale til å utvide på bakkenivå, bygge på ein etasje og om det er tilstrekkeleg areal på tomta til utviding
- Halbrend barnehage har størst potensiale til å utvide på bakkenivå, men det vil truleg krevje investeringar i eksisterande bygningsmasse for å få ein føremålstenleg og heilskapleg flyt i bygget

Gjennomføring:

- Kommunedirektøren har ikkje tatt med tiltaket i tilrådinga og det er derfor ikkje lagt inn eit tidspunkt for gjennomføring av tiltaket.

Konsekvensar:

- Dersom tiltaket blir gjennomført blir Slåttebakkane barnehage lagt ned.
- Det vil påverke barn og familiar og tilsette i Slåttebakkane barnehage
- Kommunen får færre bygg å drifta
- Effektiviserer barnehagedrifta

Innsparingspotensialet:

- Innsparingspotensialet er frå 194 - 4 992 MNOK

Investeringsbehov:

- Tiltaket vil ha behov for investering.
- Kalkulen for investeringsbehovet for ei avdeling med 18 plassar til 3 avdelingar med 24 plassar mellom 11,9-47,5 MNOK

Vurdering:

- Kommunedirektøren vurderer at av tiltaka som handlar om bygge ny, utvide eksisterande barnehage eller nytte Flatene skule til barnehage er dette tiltaket det som er minst aktuelt.
- Investeringskostnadane sett opp mot innsparingspotensialet syner at det er eit kostbart tiltak i forhold til gevinsten.

7.5.1 Sentrale moment

Det er fire barnehagar som er vurdert i tiltaket for å utvide kapasiteten. Barnehagane er valt ut fordi fleire av dei har potensiale til å utvide på grunn av storleiken på tomta. Tre av barnehagane er ikkje vurdert i andre tiltak for å bli lagt ned på grunn av å bygge ny barnehage på Slåtten eller å nytte Flatene skule til ny barnehage.

Barnehagane som er vurdert i tiltaket er:

- Halbrend barnehage
- Sunde barnehage
- Nærleiken barnehage
- Solsida barnehage avdeling Toene

Det er vurdert å utvide frå 1-3 avdelingar med 9/18 eller 12/24 plassar. Dette tiltaket vil krevje investeringar. Det er gjort ei overordna kalkyle for å synleggjere kostnadsnivået per i dag. Det er behov for å gjere fleire vurderingar for å få ei meir detaljert kalkyle over kostnadane i tiltaket.

Utviding av avdelingar	18 barn	24 barn
1 avdeling	11 884	15 845
2 avdelingar	23 768	31 691
3 avdelingar	35 652	47 536

I kalkylen er det ikkje tatt omsyn til grep i eksisterande bygningsmasse. Det vil truleg vere behov for å gjere grep i eksisterande bygningsmasse for å få ei god arealdisponering, logistikk og fleksibilitet for at eksisterande og ny bygningsmasse skal få ein god flyt.

Faktorar som ligg til grunn i vurderingane er:

- Potensiale for å utvide på bakkenivå
- Potensiale for å utvide med ein etasje
- Tilstrekkeleg areal på tomta til å utvide og ha tilstrekkeleg areal til uteområde for barn for å stette eigne vedtekter.

Faktorar i eigne vedtekter vi må ta omsyn til ved ei utviding og tilstrekkeleg areal til tilsette:

- Arealnorm for barn 0-3 år (6 kvm) og barn 3-6 år (4,5 kvm) i bygget
- Arealnorm uteområde 6 gongar godkjent leike- og oppholdsareal som inne
- Tilstrekkeleg areal i administrasjonsdelen til kontorplassar til leiing og pedagogar, møterom, garderobe og pauserom

Primært er det ønskeleg å utvide på bakkenivå til eksisterande barnehagar. Bakgrunnen for dette er basert på vurderingane som er gjort per i dag og at eksisterande bygningsmassen ikkje nødvendigvis er dimensjonert til å utvide med ein etasje. Det må gjerast fleire vurderingar for kva mogelegheiter det er til å bygge på ein etasje ved å vurdere bæringa i bygget. Det vil truleg ha ein større kostnad og større inngripen i eksisterande bygningsmasse å bygge på ein etasje. Å bygge på ein etasje vil krevje heis i bygget for at det skal vere universelt utforma.

Ein annan faktor er at dersom vi vel å bygge på ein etasje på eksisterande bygningsmasse må bygget tömmast i byggingsperioden. Barnehagen må midlertidig driftast i andre bygg i byggeperioden. Dersom vi bygger på bakkenivå er det i større grad mogeleg å drifta i eksisterande barnehage i byggeperioden.

Av barnehagane som er vurdert i tiltaket er det Halbrend barnehage som har størst potensiale til å utvide. Det er mogeleg å utvide 2-3 avdelingar på bakkenivå, avhengig av storleiken på avdelingane.

I Halbrend barnehage har tidlegare blitt etablert i fleire byggesteg, og det er sannsynleg at ei utviding vil føre til investering i eksisterande bygningsmasse for at barnehagen skal få ein føremålstenleg og heilskapleg flyt i bygget.

Ein konsekvens av å utvide Halbrend barnehage er at det blir lagt ned ein anna eksisterande barnehage. Dersom Halbrend barnehage blir utvida blir Slåttebakkane barnehage lagt ned.

Trafikk i område

Å utvide i Halbrend barnehage vil auke trafikken i område. Halbrend barnehage og Halbrend skule delar same tilkomstveg, droppsoner og parkeringsareal.

Trafikkarealet og parkeringsareal separerer ikkje myke og harde trafikantar. Ei eventuell endring i strukturtiltak i kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen kan også påverke og auke trafikken i området, både skulebussar og privatbilar. Auka trafikk i området vil legge press på vegen i Liavegen, droppsoner og parkering.

I rushtida kan det bli redusert framkomst på vegnettet i Førde sentrum og Halbrendslia. Det kan mellom anna auke fare for kødanning og trafikksøte på E39 ved av/på køyring til kommunal veg, Liavegen.

Ulykker registrert på Liavegen nær barnehage og skule i Nasjonal vegdatabank

Dato	Involverte	Ulykkeskode
12.09.2014	2 einheter	Påkøyring av køyrande frå fortau eller G/S-veg, ved høgresving
11.03.2019	2 einheter	Fotgjengar kryssa køyrebana forøvrig

Ulykker registrert i krysset på E39 inn til Liavegen i Nasjonal vegdatabank

Dato	Involverte	Ulykkeskode
19.09.1989	2 einheter	Venstresving foran køyrande i motsett retning
02.09.1995	2 einheter	Møting i kurve
04.08.2003	2 einheter	Møting i kurve
02.09.2012	2 einheter	Møting i kurve

7.5.2 Innsparingspotensialet

Å utvide Halbrend barnehage fører til auke i budsjetttramma. Innsparingspotensialet i dette tiltaket er differansen mellom behovet for driftskostnadene til «ny Halbrend

barnehage» og budsjettrammene til Halbrend barnehage og Slåttebakkane barnehage.

Budsjettramma til barnehagane i heile tusen i 2025 er:

Barnehage	Budsjettramme
Halbrend	10 269
Slåttebakkane	7 183
Samla ramme	17 452

Drift i «ny Halbrend barnehage»

Avdelingar	Driftskostnadar
5	12 286
6	15 724
7	17 315

Innsparingspotensialet i dei ulike alternativa

Faktorar	4,5 md	Heilårseffekt
5 avdelingar	1 937	5 166
6 avdelingar	648	1 728
7 avdelingar	51	137

Det gir mest effekt i drifta ved å utvide Halbrend barnehage med 1 avdeling. Då blir kapasiteten i Førde sentrum samtidig redusert med 36 barnehageplassar. Å utvide barnehagen til 7 avdelingar er kapasiteten på same nivå som i dag, og har minimalt innsparingspotensiale.

Ser vi kostnadane for investeringsbehovet opp mot innsparingspotensialet er dette eit kostbart tiltak å gjennomføre i forhold til gevinsten. Skal det bli gevinst av tiltaket må vi samtidig redusere kapasiteten og bygge få avdelingar.

Inntekter ved sal av tomt

Sum av nettoverdi av tomt | 1 900

Sal av tomt kan nyttast til å dekke delar av investeringsbehovet ved å utvide Halbrend barnehage med fleire avdelingar.

7.5.3 Konsekvensar

Konsekvensar for å utvide eksisterande barnehagar

Konsekvensar

- Tiltaket har investeringsbehov
- Ei utviding i eksisterande barnehagar vil effektivisere drifta i barnehagesektoren ved å drifta i færre bygg
- Innsparingspotensialet i driftskostnadene gir mindre effekt
- Å bygge på ein etasje vil føre til meirkostnadene ved at barnehagen må driftast i midlertidige bygg i byggeperioden
- Å bygge på bakkenivå kan barnehagen driftast i byggeperioden
- Å utvide Halbrend barnehage kan auke trafikken i området, og påverke flyten i krysset på E39 til Liavegen

7.5.4 Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at dette tiltaket må sjåast i samanheng med å bygge ny barnehage på Slåtten og å nytte Flatene skule til barnehagebygg.

Kommunedirektøren vurderer at det kan vere aktuelt å utvide ein eksisterande barnehage. Halbrend barnehage blir vurdert til å vere det beste alternativet av dei barnehagane som er greia ut i tiltaket. Bakgrunnen er at det er størst potensiale til å utvide på bakkenivå.

Kostnadane til investeringsbehovet samanlikna med innsparingspotensialet er ikkje gunstig. Gevinsten er minimal i forhold til kostnadane for å utvide Halbrend barnehage.

Når vi ser tiltaka, utvide eksisterande barnehage for å auke kapasiteten, barnehage på Flatene i Flatene skulebygg og ny barnehage på Slåtten, samla er dette tiltaket vurdert som minst aktuelt.

Bakgrunnen for den vurderinga er at det er stort investeringsbehov samanlikna med innsparingspotensialet utan at vi reduserer kapasiteten i Førde sentrum samtidig. Det vil vere behov for å utvide med nye avdelingar og gjere grep i eksisterande bygningsmasse for å skape ein føremålstenleg og heilskapleg flyt i bygget for at barnehagen skal vere eigna.

7.6 Tiltak 6: Barnehage på Flatene – bruke Flatene skule som barnehagebygg

Hovudpunkta om tiltaket

Sentrale moment:

- Arealet i Flatene skule er betydeleg høgare enn andre det vi har i dei største barnehagane i Sunnfjord i dag

- Ved å nytte Flatene skule til barnehage blir 3 eksisterande barnehagar lagt ned, Slåttebakkane barnehage, Halbrend barnehage og Ytre Hafstad barnehage
- Det blir og vurdert om Solsida barnehage avdeling Toene kan leggast ned
- Utviklinga av barnetalet fram til 2031 er usikker og det er i tiltaket lagt inn at vi beheld same kapasitet til dei 3 barnehagane som blir lagt ned.
- Dersom Solsida barnehage avdeling Toene blir lagt ned har vi redusert kapasiteten tilsvarende
- Det må gjerast nye vurderinger av kva som er mogeleg når tiltaket blir planlagt.
- Ut frå det vi veit per i dag er etterspørselen mindre frå 2026/2027 enn budsjetterte plassar

Gjennomføring:

- Etablere ny barnehage på Flatene med oppstart 2031

Konsekvensar:

- Arealet er betydeleg større samanlikna med andre barnehagar i Sunnfjord kommune
- Blir den største barnehagen i kommunen
- Kan skape eit stort fagmiljø
- Vil krevje god organisering

Innsparingspotensialet:

- Å legge ned 3 barnehagar utan å redusere kapasiteten har eit innsparingspotensiale på 1,6 MNOK (heilårseffekt)
- Dersom vi legg ned 4 barnehagar og reduserer kapasiteten tilsvarende som ein 4 avdelingsbarnehage vil innsparingspotensiale vere 13,7 MNOK (heilårseffekt)

Investeringsbehov:

- Det er ikkje utarbeida kalkyle for kor stor investeringa av tiltaket blir.
- Etter overordna vurderingar er det mindre tiltak som er nødvendig å gjere for at bygga skal vere føremålstenleg til barnehagedrift.
- I stor grad kan sal av tomter til barnehagar som blir lagt ned kompensere for investeringskostnadane

Vurdering:

- Kommunedirektøren vurderer at dette tiltaket er aktuelt å gjennomføre
- Flatene skule har eit godt utgangspunkt for å bli drifta som barnehage
- Det er mindre investeringsbehov for å utvikle dette til barnehage samanlikna med dei andre tiltaka som handlar om å utvide eksisterande barnehagar eller bygge ny på Slåtten

7.6.1 Sentrale moment

I tiltaket er det sett på om det er mogeleg å nytte Flatene skule til barnehageføremål. Ein premiss for å gjennomføre tiltaket er utfallet i saka om kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen.

Flatene skule har eit bruksareal på 4 181 kvm. Det er eit betydeleg større areal enn barnehagar vi har i Sunnfjord kommune som har tilsvarande storleik det er sett på i tiltaket:

Barnehage	Areal i kvm	Avdelingar	Plassar per avdeling
Langhaugane	1 588	6	24
Bygstad	983	5	18
Lunden	951	5	18
Nærleiken	865	6	18
Vie	783	6	18

Barnehagar som blir lagt ned og blir erstatta med ny barnehage på Flatene:

- Slåttebakkane barnehage
- Halbrend barnehage
- Ytre Hafstad barnehage

Barnehagane som blir lagt ned om det blir etablert ny barnehage på Flatene har til saman 11 avdelingar. Det er nok areal på Flatene skule til å erstatte desse barnehagane.


I tillegg til barnehagane som er bestemt at skal erstattast av ny barnehage på Flatene blir det vurdert om det er mogeleg å legge ned Solsida barnehage avdeling Toene. I planlegginga av ny barnehage på Flatene må vi vurdere om det er føremålstenleg å legge ned 4 barnehagar.

Tilrådinga til kommunedirektøren er at ny barnehage på Flatene blir etablert i 2031. Det er på noverande tidspunkt usikre barnetal og behovet for kapasitet i Førde sentrum. Det må i planlegginga av ny barnehage vurderast om det er mogeleg å redusere kapasiteten, enten ved å bygge færre avdelingar enn dei tre barnehagane som er bestemt at blir lagt ned når barnehagen bli etablert eller om det er føremålstenleg å legge ned Solsida barnehage avdeling Toene i tillegg. Dersom det er bruk for å redusere kapasiteten i Førde sentrum er det føremålstenleg å legge ned Solsida barnehage avdeling Toene og kompensere for behovet for kapasitet i ny barnehage på Flatene.

Å etablere barnehage på Flatene med same kapasitet til barnehagane som blir lagt ned blir ein betydeleg større barnehage enn vi har i Sunnfjord kommune per i dag.

I grafen under som er henta frå ressursmodellen ser vi budsjetterte plassar (lilla) samanlikna med etterspørselen (grøn). I dette talgrunnlaget har vi lagt inn

talmaterialet som er potensialet frå hausten 2025. Etterspørselen er noko lågare enn budsjetterte plassar. Etterspørselen er størst frå barnehageåret 2026/2027.



Vi vil ikkje utnytte heile kapasiteten som er i Flatene skule til barnehage basert på tilrådinga til kommunedirektøren. Talmateriale for framtida er usikre tal, framskrivinga syner at det blir ei negativ utvikling, og det er vanskeleg å vurdere med dei kjente tala vi har kva som vil vere behovet for kapasitet i framtida. Med usikkerheita vi har for framtidige barnetal kan ny Flatene barnehage vere ein buffer dersom det er behov for å auke kapasiteten. Det er areal og mogelegheiter til å utvide barnehagen ytterlegare utan at det har store investeringsbehov. Grunnlaget er godt for å utvikle ein barnehage og investeringskostnadene for å legge til rette for fleire avdelingar er mindre i dette alternativet enn å utvide ein av dei andre eksisterande barnehagane i Førde sentrum.

Skulen er fordelt på 6 bygg, eit administrasjonsbygg, ein gymsal og 4 hus som har om lag det same innhold.

Innhaldet i dei 4 husa er:

- 4 klasserom
- Grovgarderober
- Fingarderober
- Fellesareal
- Kjøkken
- HCWC

- Grupperom

Basert på ei overordna vurdering vil det vere mindre behov for oppgradering og justeringar innvendig for at det skal eigne seg til barnehageføremål. Det er eit godt utgangspunkt for å utvikle bygga til barnehage.

Administrasjonsbygget og gymsalen er det etter overordna vurderingar ikkje behov for å gjere noko med. Det er gode og tilstrekkelege fasilitetar i administrasjonsbygget. Det er i dei 4 andre bygga som skal bli nytta til avdelingar det er bruk for å sjå nærrare på .

Det er behov for å gjere noko med uteområdet slik at det er meir eigna for aldersgruppa som er i barnehage.

Grep som må vurderast er rominndeling i avdelingane:

- Eventuelle grupperom
- Kvile- og soverom, eventuelt vognrom
- Bad/stellerom og toalett
- Justeringar på fin- og grovgarderobe

Investeringsbehov

Det vil vere behov for investeringar for at bygga skal vere føremålstenleg til barnehage. På noverande tidspunkt er det vanskeleg å seie noko om kor stor investering det er behov for, det må vurderast kor mykje som må gjerast med bygget for at det skal fungere til barnehageføremål.

Med dei overordna vurderingane som er gjort vil sal av tomtene til Slåttebakkane barnehage, Halbrend barnehage og Ytre Hafstad barnehage kompensere for store delar av investeringsbehovet. Dersom Solsida barnehage avdeling Toene blir lagt ned i tillegg til dei som blir tilrådd kan sal av tomta til barnehagen ytterlegare kompensere for kostnadane for investering.

Slik det ser ut per i dag er det truleg mindre behov for investering i dette tiltaket samanlikna med å utvide med fleire avdelingar i ein eksisterande barnehage.

Trafikk



Vegen Flatene frå krysset ved E39 til Flatene skule er det ikkje gjort større utbetringar sidan tidleg 1990-talet. Skulen blei etablert i 1997. Å etablere barnehage på Flatene skule kan auke trafikken i området då barna skal bringast og hentast kvar dag.

Trafikken som har vore på skulen med skulebussar og foreldre som bringer og hentar barn på SFO forsvinn om det blir etablert barnehage. I tillegg blir Ytre Hafstad barnehage lagt ned om det blir etablert ny barnehage på Flatene.

Trafikken knytt til ny barnehage kjem ikkje i tillegg til trafikken som er der per i dag, men erstattar trafikken som er knytt til Flatene skule og Ytre Hafstad barnehage.

Ulykker registrert på vegen Flatene i Nasjonal vegdatabank

Dato	Involverte	Ulykkeskode
12.01.2012	2 einheitar	Møting i kurve
09.06.2018	1 einheit	Einsleg køyretøy køyrte utfør på venstre side i høgrekurve
17.10.2022	2 einheitar	Ulykke med uklart forløp ved møting

7.6.2 Innsparingspotensialet

Ny barnehage på Flatene har bruk for driftskostnadar for å drifte barnehagen. Det er differansen mellom driftskostnadar til barnehage på Flatene og budsjettrammene til

Halbrend barnehage, Slåttebakkane barnehage og Ytre Hafstad barnehage som syner innsparingspotensiale.

Budsjettramma til barnehagene i heile tusen i 2025 er:

Barnehage	Budsjettrammme
Halbrend	10 884
Slåttebakkane	7 798
Ytre Hafstad	12 141
Samla budsjettramme	30 823

Drift i ny barnehage på Flatene

Med dagens barnetal og same kapasitet vil driftskostnadane vere:

- 29 183

Innsparingspotensiale

Tiltak	4,5 md	Heilårseffekt
Legge ned Slåttebakkane barnehage (201+221)	2 924	7 798
Legge ned Halbrend barnehage (201+221)	4 085	10 884
Legge ned Ytre Hafstad barnehage (201+221)	4 553	12 141
Driftskostnadar ny barnehage Flatene	-10 944	-29 183
Innsparingspotensialet (heilårseffekt)	615	1 640

Innsparingspotensiale dersom Solsida barnehage avdeling Toene blir lagt ned

Ein premiss i innsparingspotensialet er at kapasiteten blir redusert tilsvarende som Solsida barnehage avdeling Toene

Tiltak	4,5 md	Heilårseffekt
Legge ned Slåttebakkane barnehage (201+221)	2 924	7 798
Legge ned Halbrend barnehage (201+221)	4 085	10 884
Legge ned Ytre Hafstad barnehage (201+221)	4 553	12 141
Legge ned Solsida barnehage avdeling Toene (201+221)	4 523	12 062
Driftskostnadar ny barnehage Flatene	-10 944	-29 183
Innsparingspotensialet (heilårseffekt)	5 138	13 702

7.6.3 Konsekvensar

Konsekvensar ved å nytte Flatene skule til barnehage i framtida

Konsekvensar

- Det er betydeleg større areal i Flatene skule enn det som er normalt i ein barnehage i Sunnfjord kommune
- Det vil vere mogeleg å legge ned 3 barnehagar som kan erstattast av barnehage på Flatene
- Det blir den største barnehagen i Sunnfjord kommune
- Stort fagmiljø
- Utnytte kvalitetane/tilbodet i barnehagen - aktivitetsrom
- Fleire barn samla i ein barnehage – vil krevje god organisering

7.6.4 Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at dette tiltaket må sjåast i samanheng med å utvide eksisterande barnehage for å auke kapasiteten og å bygge ny barnehage på Slåtten.

Kommunedirektøren vurderer at det er aktuelt å nytte Flatene skule til barnehage. For å etablere ny barnehage på Flatene bør minimum 3 eksisterande barnehagar bli lagt ned og erstatta med ny barnehage. I tiltaket er det lagt til grunn at vi ikke reduserer kapasiteten, det må likevel vere med i vurderinga under planlegging av ny barnehage dersom barnetalet tilseier at det er mogeleg.

Det er ikkje ein del av tilrådinga frå kommunedirektøren, men det er også mogeleg å vurdere om Solsida barnehage avdeling Toene skal bli lagt ned i tillegg til dei andre barnehagane. I innsparingspotensialet der Solsida barnehage avdeling Toene er inkludert er det lagt inn at vi samtidig reduserer kapasiteten tilsvarende. Det vil gi meir innsparing enn å legge ned 3 barnehagar. Det må vurderast om det er mogeleg når vi har meir kunnskap om barnetalet på det tidspunktet tiltaket eventuelt blir effektivisert. Eit alternativ er ein mellomting der vi reduserer med nokre avdelingar. Det vil gi ei mindre innsparing.

Når vi ser tiltaka, utvide eksisterande barnehage for å auke kapasiteten, barnehage på Flatene i Flatene skulebygg og ny barnehage på Slåtten, er dette tiltaket det som truleg krev minst investering då det er eit godt grunnlag for å nytte skulen til barnehage.

Barnehagen blir den største i Sunnfjord kommune. Barnehagen blir fordelt på fleire bygg. Det kan gi ei oppleveling av at barnehagen ikkje følast så stor. På noverande tidspunkt er det utfordrande å seie kor stor barnehagen blir, vi må få meir kunnskap om barnetalet når det er aktuelt å etablere. Det at det er mykje areal kan gi nokre mogelegheiter til å skape ulike aktivitetsrom og soner. Ein barnehage på denne storleiken vil krevje ei anna organisering av kvardagen enn vi har i mindre barnehagar.

7.7 Tiltak 7: Ny barnehage på Slåtten

Hovudpunkta om tiltaket

Sentrale moment:

- Bygge ny barnehage på Slåtten – 6 avdelingar med mogelegheit til 12/24 plassar
- Legge ned 2 eksisterande barnehagar
 - Hatlehaugen barnehage
 - Vieåsen barnehage
- Kalkyle for dei ulike alternativa til storleik på barnehagen
- Vurdere om Solsida barnehage avdeling Toene skal bli lagt ned, sjå i samanheng med tiltak 6

Gjennomføring:

- Fortsette planlegging av barnehage på Slåtten
- Barnehagen står oppført i 2029

Konsekvensar:

- Tiltaket har investeringsbehov
- Å bygge ny barnehage på Slåtten effektiviserer drifta i barnehagesektoren ved å drifta i færre bygg
- Innsparingspotensialet i driftskostnadene gir ein effekt

Innsparingspotensialet:

- Å legge ned 2 barnehagar og drifta i ny barnehage på Slåtten har eit innsparingspotensiale på 4,1 MNOK (heilårseffekt)

Investeringsbehov:

- Å bygge frå 4 avd. med 9/18 plassar til 6 avd. med 12/24 plassar har eit investeringsbehov frå 50,4-97,8 MNOK.
- Det er ei manglande investering på 5,3-52,8 MNOK
- Sal av tomrene til Hatlehaugen barnehage og Vieåsen barnehage har ein nettoverdi på 17 MNOK og kan kompensere for noko av den manglande finansieringa

Vurdering:

- Kommunedirektøren vurderer at planlegging av ny 6 avdelings barnehage på Slåtten held fram og at barnehagen står oppført i 2029

7.7.1 Sentrale moment

I tiltaket blir det vurdert å bygge ny barnehage på Slåtten. Det er både lagt inn i økonomiplanen og i tidlegare politiske vedtak bestemt at det skal byggast ny barnehage på Slåtten.

Sunnfjord kommune har kjøpt tomta på Slåtten som er tenkt til barnehageføremål. Det er mogeleg å bygge inntil 6 avdelingar med 12/24 plassar på tomta. Det per i

dag tilstrekkeleg kapasitet i Førde sentrum og kapasitetsutfordringa er ikkje drivaren for å bygge ny barnehage. Det må vurderast om det er føremålstenleg å bygge ny framfor å renovere fleire av barnehagane og å utvide eksisterande barnehagar.

Det er 5 barnehagar som er vurdert å leggast ned i dette tiltaket:

- Tusenfryd barnehage
- Hatlehaugen barnehage
- Vieåsen barnehage
- Solsida barnehage avdeling Haugum
- Slåttebakkane barnehage

I tilrådinga til kommunedirektøren blir desse barnehagane erstatta med ny barnehage på Slåtten:

- Hatlehaugen barnehage
- Vieåsen barnehage

Solsida barnehage avdeling Toene er nemnt som eit alternativ i tiltak 6, barnehage på Flatene – bruke Flatene skule som barnehagebygg, til å bli lagt ned. Dersom kommunen vel å bygge 6 avdelingar med inntil 12/24 plassar vil det auke kapasiteten noko i forhold til det Hatlehaugen barnehage og Vieåsen barnehage har per i dag. På bakgrunn av dette bør ein også i dette tiltaket vurdere om Solsida barnehage avdeling Toene skal leggast ned. I forhold til å vurdere om Solsida barnehage avdeling Toene skal bli lagt ned må vi sjå begge tiltaka i ein samanheng. Kommunedirektøren har valt å tilrå både å nytte Flatene skule som barnehage og å bygge ny barnehage på Slåtten. Ved å utnytte potensialet i barnehage på Flatene og ny barnehage på Slåtten kan vi redusere barnehagesektoren med ytterlegare ein barnehage. Begge tiltaka er i slutten av perioden og det må gjerast nye vurderingar, dette for å sjå kva som er behovet for barnehageplassar.

Ved å ha barnehage både på Flatene og Slåtten får barnehagesektoren ei fleksibel barnehagedrift der det er mogeleg å auke kapasiteten om det er behov i framtida for meir kapasitet utan at det er behov for nye større investeringar.

Kalkyle til investering av barnehage på Slåtten

Det er sett av nokre midlar i økonomiplanen til å bygge ny 4 avdelings barnehage på Slåtten.

Prosjekt 170169 Ny 4 avdeling barnehage Slåtten

Vedtak	Løyving eks mva.	Løyving inkl. mva.
KST-123/20 Årsbudsjett 2021	28 800	36 000
KST-109/23 Årsbudsjett 2024	0	-922
Ramme	28 800	35 078

I tiltaket som blei lagt på høyring var det lagt fram ei overordna kalkyle for å bygge frå 4 avdelingar med 9/18 plassar til 6 avdelingar med 12/14 plassar. I kalkylen er sal av Tusenfryd barnehage inkludert.

Kalkyle	Barnehage med 4 avd.		Barnehage med 6 avd.	
	9/18	12/24	9/18	12/24
Sum kalkyle	50 430	66 275	74 198	97 966
Ramme	45 078	45 078	45 078	45 078
Manglande finansiering	-5 352	-21 197	-29 120	-52 888

Sal av tomtene til barnehagar som blir lagt ned kan kompensere for delar av den manglande finansieringa.

Inntekter ved sal av tomt:

Nettoverdi av tomt	Sum
Hatlehaugen barnehage	9 500
Vieåsen barnehage	7 500
Samla nettoverdi	17 000

Kalkyle	Barnehage med 4 avd.		Barnehage med 6 avd.	
	9/18	12/24	9/18	12/24
Manglande finansiering	-5 352	-21 197	-29 120	-52 888
Sal av tomtene	17 000	17 000	17 000	17 000
Manglande finansiering etter sal av tomtene	11 648	-4 197	-12 120	-35 888

Det vil vere behov for ytterlegare finansiering i 3 av alternativa i tabellen over.

Tiltak 15 og 19 i Førdepakken – Fv. 601 Angedalsvegen

- Tiltak 15 gjeld vegparsellen frå Førdehuset til Prestefossbrua (1,4 km)
- Tiltak 19 gjeld vegparsellen frå Prestefossbrua til Slåtten skule (0,4 km)
- Om lag 100 meter av gang- og sykkelvegen i Vievegen (langs høgskulen) blir opprusta

I tiltaka blir det bygd om lag 1,8 km med ny sykkelveg med fortau på nordsida av vegen. Syklande og gåande blir skilt frå biltrafikken med ein liten rabatt.

Mål i prosjektet:

- Samanhengande system for mjuke trafikantar
- Trygt for gåande og syklande
- God framkomst for kollektiv og tilrettelagde haldeplassar
- God framkomst for alle trafikantgrupper
- Vegen blir ikkje stengt ved flaum

Tiltaka er i desse dagar lagt ut på anbod. Det vil ta 8-9 månadar å avgjere kven som får anboden og arbeidet blir tidlegast starta rundt nyttår 2026.

På bakgrunn av tiltaka som blir gjennomført i Angedalsvegen vil det bli betre forhold for alle trafikantgrupper i området.

Ulykker registrert i krysset ved Angedalsvegen og Vievegen i Nasjonal vegdatabank

Dato	Innoverte	Ulykkeskode
05.03.2000	1 einheit	Einsleg køyretøy kørde utfør på venstre side i høgrekurve
08.12.2004	2 enheter	Fotgjengar kryssa køyrebana i gangfelt utanfor kryss
26.04.2005	2 enheter	Køyrande frå fortau eller G/S-veg kryssa i køyrebana på bortsida av krysset

Ulykker registrert i krysset ved Angedalsvegen og Skyttarkvia i Nasjonal vegdatabank

Dato	Innoverte	Ulykkeskode
17.08.2005	2 enheter	Avsvinging til venstre framfor køyretøy i motsett retning
18.06.2008	2 enheter	Påkjøring av forankøyrande ved skifte av felt til venstre

7.7.2 Innsparingspotensialet

Å bygge ny barnehage på Slåtten vil krevje ei investering. Innsparingspotensialet i tiltaket er differansen mellom behov for driftskostnadene til ny barnehage på Slåtten og budsjetttramme til Hatlehaugen barnehage og Vieåsen barnehage.

Budsjettramma til barnehagane i heile tusen i 2025 er:

Barnehage	Budsjettramma
Hatlehaugen	9 459
Vieåsen	11 532
Samla ramme	20 991

Drift i ny barnehage på Slåtten

- 16 832

Innsparingspotensialet ved å bygge ny barnehage

Faktorar	4,5 md	Heilårseffekt
Legge ned Hatlehaugen barnehage	3 547	9 459
Legge ned Vieåsen barnehage	5 325	11 532
Driftskostnadene i ny barnehage på Slåtten	-6 312	-16 832
Samla innsparingspotensiale	1 560	4 159

7.7.3 Konsekvensar

Konsekvensar

- Tiltaket har investeringsbehov
- Å bygge ny barnehage på Slåtten effektiviserer drifta i barnehagesektoren ved å drifta i færre bygg
- Innsparingspotensialet i driftskostnadene gir ein effekt

7.7.4 Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at dette tiltaket må sjåast i samanheng med å utvide eksisterande barnehagar for å auke kapasiteten og å nytte Flatene skule til barnehagebygg.

Kommunedirektøren vurderer at det er føremålstenleg å bygge ny barnehage i løpet av perioden framfor å renovere fleire av eksisterande barnehagar. For å etablere ny barnehage på Slåtten bør 2 eksisterande barnehagar bli lagt ned og erstattast med ny 6 avdelings barnehage med mogelegheit for 12/24 plassar. Dersom ein vel å nytte mogelegheita til å bygge inntil 12/24 blir kapasiteten auka noko i forhold til dei barnehagane som er foreslått lagt ned. Det kan gi ei opning for at Solsida barnehage avdeling Toene kan leggast ned og bli ein del av både ny barnehage på Slåtten og barnehage på Flatene.

Det er ikkje ein del av tilrådinga frå kommunedirektøren, men det er også mogeleg å vurdere om Solsida barnehage avdeling Toene skal bli lagt ned i tillegg til dei andre barnehagane. Å legge Solsida barnehage avdeling Toene utan å kompensere for heile kapasiteten i barnehagen kan gi eit samla større innsparingspotensiale når vi ser ny barnehage på Slåtten og barnehage på Flatene i ein samanheng.

Når vi ser tiltaka, utvide eksisterande barnehage for å auke kapasiteten, barnehage på Flatene i Flatene skulebygg og ny barnehage på Slåtten, er dette tiltaket meir føremålstenleg saman med ny barnehage på Flatene. Det vil krevje ei investering å gjennomføre tiltaket, men det vil også utviding av eksisterande barnehage krevje. Ein ny barnehage vil i større grad gi eit barnehagebygg som stettar lovkrava og som er meir framtidsretta enn å renovere ein eksisterande barnehage.

I framlegg til vedtak foreslår kommunedirektøren at ny barnehage på Slåtten står klar hausten 2029. I tiltaket som blei lagt på høyring blei det skrive at barnehagen tidlegast kan vere klar til 2027. I vurderingane som er gjort for vidare prosess blir tilrådinga at barnehagen er klar frå hausten 2029. Bakgrunnen for dette er å sikre at det er god tid til planlegging og byggeperiode. I tillegg har kommunen per i dag ein utfordrande økonomi som tilseier at det ikkje er føremålstenleg å investere i ny barnehage i nær framtid.

7.8 Tiltak 8: Legge ned to barnehagar i Førde sentrum frå hausten 2025

Hovudpunkt om tiltaket

Sentrale moment:

- Basert på talmaterialet vi har per i dag og prognosane for framskriving av tal fødde barn i 2025 blir det vurdert at det er utfordrande å legge ned 2 barnehagar i Førde sentrum frå hausten 2025
- Det er ledig kapasitet i Førde sentrum på bakgrunn av talmaterialet vi kjenner for barnehageåret 2025/2026 med 60 plassar
- Det er størst nedgang i barnetalet i Førde barneskulekrinsen i Førde sentrum – det er bakgrunnen for at Solsida barnehage avdeling Haugum blir lagt ned i tillegg til Tusenfryd barnehage
- Tidsaspektet, frå endeleg vedtak til effektivisering hausten 2025, for å gjennomføre gode prosesser for barn og familiar og tilsette som blir påverka av tiltaket er utfordrande

Gjennomføring:

- Legge ned Tusenfryd barnehage og Solsida barnehage avdeling Haugum frå hausten 2026

Konsekvensar:

- Tiltaket vil påverke barn og familiar og tilsette som er knytt til barnehagen
- Kommunen får færre bygg å drifta
- Effektiviserer barnehagedrifta
- Tida til å effektivisere vedtaket er utfordrande

Innsparingspotensialet:

- Samla innsparingspotensialet ved å legge ned Tusenfryd barnehage og Solsida barnehage avdeling Haugum 18 123 kroner (heilårseffekt)

- Sal av tomtene:
 - Tusenfryd barnehage, nettoverdi 7 900 kroner
 - Solsida barnehage avdeling Toene, nettoverdi 2 700 kroner

Investeringsbehov:

- Det er ikke investeringsbehov ved å legge ned Tusenfryd barnehage og Solsida barnehage avdeling Haugum

Vurdering:

- Kommunedirektøren vurderer at det er utfordrande å legge ned 2 barnehagar frå hausten 2025 på grunn av tidsaspektet og usikkerheit om det er tilstrekkeleg kapasitet i Førde sentrum til å gi alle barnehageplass.

7.8.1 Sentrale moment

I tiltaket blir det vurdert å legge ned 2 barnehagar frå hausten 2025. Dette tiltaket kom som eit tillegg i formannskapet før tiltaka blei lagt ut på høyring for å sjå om det er mogeleg å legge ned fleire barnehagar.

I tiltaket blei desse barnehagane vurdert etter ei prioritert rekkefølge:

- Tusenfryd barnehage
- Hatlehaugen barnehage
- Vieåsen barnehage
- Solsida barnehage avdeling Haugum
- Slåttebakkane barnehage

Talmaterialet er oppdatert sidan tiltaka blei lagt ut på høyring. Ut frå talmaterialet vi har per i dag vil det vere 60 ledige barnehageplassar i Førde sentrum for barnehageåret 2025/2026. Tala som blir lagt fram på noverande tidspunkt er dei mest reelle vi har. Fordi det fortsatt er noko usikkerheit på kor mange barn vi har hausten 2025 som ønsker barnehageplass er det ein større risiko å legge ned 2 barnehagar allereie hausten 2025.

Barnehage	Barnehageåret 2025/2026				
	Heiltidsbarn			Plassar i bruk	Arealplassar i bruk
	0-2 år	3-6 år	Samla		
Førde sentrum	272,0	412,0	684,0	956,0	775,4
Kapasitet				1 016,0	1 135,7
Ledige plassar				60,0	360,3

Legg vi saman kor mange plassar Tusenfryd barnehage og Solsida barnehage avdeling Haugum vil ha bruk for neste barnehageår er det 67 plassar. Ut frå tabellen over vil vi mangle 7 plassar dersom vi legg ned 2 barnehagar frå hausten. Det kan vere at det er meir ledig kapasitet i Førde sentrum frå hausten, men det er utfordrande å klart før barnehageopptaket for neste barnehageår er gjennomført.

Det er andre aspekt som er meir utfordrande for å få ei god gjennomføring og oppnå full effekt av tiltaket, som er meir sentrale faktorar for om det er føremålstenleg å gjennomføre tiltaket allereie hausten 2025.

Sentrale faktorar:

- Tidsaspektet frå politisk vedtak til gjennomføring
- Få ein god prosess for barn og familiar som blir påverka av tiltaket
- Få ein god prosess for tilsette som blir påverka av tiltaket

Tidsaspektet frå politisk vedtak til gjennomføring av tiltaket

Den politiske behandlinga blei utsett med ein månad frå februar til mars. Bakgrunnen for å utsette saka handlar om omfanget i saka og at det blei omfattande å bli klar til behandling i februar.

Ein konsekvens for utsetting av den politiske behandlinga er at frist for å søke barnehageplass er utsett frå 10. mars til 4. april. Barnehageopptaket kan ikkje gjennomførast før vi veit kva som blir det endelege vedtaket i saka.

Behandlinga av barnehageopptaket blir utsett med om lag ein månad før vi har full oversikt over kor mange som søker barnehageplass, kor dei får tilbod om barnehageplass og kor det er behov for å auke bemanninga for å stette lovkrava til bemanning- og pedagognorm.

Prosessen i forhold til tilsette kan ikkje starte før etter at opptaket er gjennomført.

Frå det er endeleg vedtak i saka til å legge ned 2 barnehagar frå barnehageåret 2025/2026, med verknad frå august, er det 5 månadar. Effektiviseringa av vedtaket der 2 barnehagar blir lagt ned frå hausten 2025 bør vere klar før sommarferien og bør då vere klart innan utgangen av juni, det gir kommunen 3 månadar til å gjennomføre barnehageopptak, ha ein god prosess for barn og familiar og dei tilsette.

Få ein god prosess for barn og familiar som blir påverka av tiltaket

Det skapar uro og usikkerheit for barn og familiar som er direkte påverka av at barnehagen blir lagt ned. Både i prosessen frå det er eit tema, til kva som skjer med oss dersom barnehagen blir lagt ned.

Det er bruk for å ha gode prosesser for barn og familiar som blir påverka av tiltaket. Det er vanskeleg å ha ein god prosess før vi har oversikt over kva det endelege vedtaket blir. Tidsrommet for å ha ein god prosess og kunne gi barn og foreldre god

informasjon om kva tiltaket vil bety for dei, er vanskeleg å gjennomføre før etter endeleg vedtak.

Tidsrommet til å gjennomføre og ha dialog med dei som blir påverka av tiltaket er frå endeleg vedtak 27. mars i kommunestyret til søknadsfrist for barnehageopptaket 4. april. Det er om lag ei veke.

I tiltaket er det sagt at barn som blir påverka av nedleggingsvedtak skal få prioritet før barnehageopptaket. Potensielt kan dette påverke heile barnehageopptaket. Barn og foreldre må få informasjon om sine mogelegeheiter:

- Flytte alle barna til ein barnehage – kva barnehagar er då aktuelle?
- Søke seg til ein annan barnehage dei sjølv ønsker

Få ein god prosess for tilsette som blir påverka av tiltaket

Kva prosessar som gjeld når ein barnehage blir lagt ned er omtalt i kapittelet; Korleis påverkar tiltaka tilsette i barnehagesektoren.

For tilsette som blir direkte påverka av tiltaket skapar det ei uro og usikkerheit. Usikkerheita handlar om har eg jobb og kor skal eg arbeide i framtida. Det er eit klart og tydeleg regelverk som skal ta i vare dei tilsette i saker der barnehagar blir lagt ned.

Å legge ned 2 barnehagar kan påverke tilsette i andre barnehagar i tillegg til dei barnehagane som blir lagt ned. Fleire går i vikariat, og det kan vere andre tilsette i organisasjonen som står i fare for å få endra sitt arbeidsforhold.

Oppsummering

Basert på tidsaspektet er administrasjonen uroleg for om vi klarar å gjennomføre ein god prosess for barn og familiar og tilsette om 2 barnehagar blir lagt ned hausten 2025. Det er fleire større prosessar, som til dømes barnehageopptak, som fører til at det blir kort tid å gjennomføre prosessar både for barn og familiar og tilsette som blir påverka av tiltaket.

7.8.2 Innsparingspotensialet

Oversikt over innsparingspotensialet i heile tusen i budsjettal 2025.

Tiltak	4,5 md	Heilårseffekt
Legge ned Tusenfryd barnehage	3 656	10 487
Legge ned Solsida barnehage avdeling Haugum	2 864	7 636
Samla innsparingspotensiale	6 933	18 123

For å nå innsparingspotensialet er det fleire vilkår som må slå inn:

- Redusere tal årsverk i barnehagesektoren tilsvarende årsverk som er i barnehagane i dag.
- Redusere kostnadane til reinhald tilsvarende det som blir nytta i barnehagen i budsjett til reinhald.
- Redusere kostnadane til vaktmeister tilsvarende det som blir nytta i barnehagen i budsjett til bygg- og eigedomsforvaltning.
- Sal av tomt for å fjerne kostnadene til tom bygningsmasse
- Andre driftskostnadene tilsvarende budsjettet til barnehagen
- Barn som går i barnehagane vel ein anna kommunal barnehage

Inntekter ved sal av tomt:

Sum av nettoverdi av tomt Tusenfryd barnehage	7 900
Sum av nettoverdi av tomt Solsida barnehage avdeling Haugum	2 700
Samla nettoverdi av tomtene	10 600

Sal av tomt kan nyttast til investeringar innafor barnehagesektoren som til dømes ny barnehage, utviding av eksisterande barnehage, ny barnehage på Flatene skule og oppgradering av uteområde til barnehagar som har bruk for det.

7.8.3 Konsekvensar

Konsekvensar av å legge ned 2 barnehagar frå hausten 2025

Konsekvensar

- Tidsaspektet for å gjennomføre tiltak der fleire barnehagar blir lagt ned hausten 2025 er utfordrande
- Det er fleire barn og familiarer som blir påverka av tiltaket
- Fleire barn og familiarer som skal bli tatt omsyn til før gjennomføring av barnehageopptaket
- Utfordrande å gjennomføre ein god prosess for barn og familiarer
- Kan påverke heile barnehageopptaket og at det vil ta lenger tid før familiarer får eit tilbod
- Fleire tilsette som blir påverka av tiltaket
- Utfordrande å gjennomføre ein god prosess for tilsette som blir påverka

7.8.4 Vurdering

Dette tiltaket må sjåast i samanheng med tiltak 3, legge ned Tusenfryd barnehage frå hausten 2025 og tiltak 4, legge ned fleire barnehagar i Førde sentrum. I tiltak 4 er planen å legge ned fleire barnehagar frå hausten 2026. I dette tiltaket blir dei same barnehagane som er vurdert i tiltak 3, som er Tusenfryd barnehage, og tiltak 4, der

kommunedirektøren tilrår å legge ned Solsida barnehage avdeling Haugum, dei barnehagane som er vurdert lagt ned.

Kommunedirektøren vurderer at det utfordrande å klare å legge ned 2 barnehagar frå hausten 2025. Bakgrunnen for vurderinga er tidsaspektet frå endeleg behandling i saka til effektivisering av vedtaket. Administrasjonen har om lag 3 månadar på å gjennomføre barnehageopptaket, ta i vare barn og foreldre som blir direkte påverka og tilsette som arbeidar i barnehagar som blir påverka.

Det er viktig for administrasjonen å ha ein best mogeleg prosess både i forhold til barn og familiar og tilsette. Med tidsaspektet administrasjonen har for å gjennomføre og effektivisere vedtaket er det utfordrande å få til gode prosessar for alle partar.

Ut frå behov for barnehageplassar i Tusenfryd og Solsida barnehage avdeling Haugum frå hausten 2025 har dei behov for 67 plassar. Det ligg over det som er vurdert at er den ledige kapasiteten i Førde sentrum frå barnehageåret 2025/2026. Det er på bakgrunn av dette usikkerheit om vi klarar å gi alle tilbod i Førde sentrum om vi legg ned 2 barnehagar frå hausten 2025.

7.9 Tiltak 9: Legge ned Holsen barnehage

Hovudpunkta om tiltaket

Sentrale moment:

- Legge ned 1 avdeling frå hausten 2025
 - Legge ned heile barnehagen
 - Legge ned heile barnehagen bør sjåast i samanheng med tiltak i kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen
 - Det er plass til barna som høyrer til skulekrinsen
-

Gjennomføring:

- Legge ned 1 avdeling frå hausten 2025
-

Konsekvensar:

- Det har mindre konsekvensar for dei som nyttar seg av barnehagetilbodet i Holsen barnehage å legge ned 1 avdeling.
 - Alle som høyrer til Holsen skulekrins kan få tilbod om plass i barnehagen
-

Innsparingspotensialet:

- Innsparingspotensialet ved å legge ned 1 avdeling er minimalt
 - Innsparinga er knytt til oppseiing av brakke, ta ned leiingsressurs og eventuelt grunnbemanning
 - 500 kroner (heile tusen) i heilårseffekt
-

Investeringsbehov:

- Det er behov for mindre investeringar for å gjennomføre tiltaket om å legge ned 1 avdeling:
 - Større vindauge på sove-/kvilerom for å ha rømmingsveg
 - Tak over lagerrom for uteleikar når brakka forsvinn

Vurdering:

- Kommunedirektøren vurderer at ei avdeling i Holsen barnehage blir lagt ned frå hausten 2025.
- Det vil ikkje føre til store konsekvensar då det er tilstrekkeleg plass i den eine avdelinga til at alle barn som bur i skulekrinsen kan få tilbod om barnehageplass i barnehagen.

7.9.1 Sentrale moment

I tiltaket er det vurdert to faktorar, legge ned ei avdeling i Holsen barnehage eller å legge ned heile barnehagen.

I Holsen barnehage er det per i dag 23 barn som nyttar barnehageplass i barnehagen.

Barna fordeler seg slik i årskulla:

Årskull	Tal barn
2024	1
2023	5
2022	0
2021	6
2020	3
2019	8
Samla	23

Det er 8 barn som går i barnehagen 2024/2025 som skal starte på skulen hausten 2025. Av dei barna som går i barnehagen per i dag er det 15 att i barnehagen for barnehageåret 2025/2026. I tillegg er det ein søknad om barnehageplass frå hausten 2025.

Dersom det er 16 barn som går i barnehagen frå hausten 2025 blir dette i plassar:

Alder	Tal barn	Tal plassar	Behov for areal i kvm
0-2 år	7	14	42,0
3-6 år	9	9	40,5
Samla	16	23	82,5

Det vil vere 23 plassar som er i bruk og i ei avdeling. Barna som går i barnehagen frå hausten 2025 har bruk for 82,5 kvm i leike- og oppholdsareal. I avdelinga som er lokalisert i skulebygget er det disponibelt leike- og oppholdsareal på 93,7 kvm.

Det vil vere behov for å for nokre mindre investeringar ved å nytte avdelinga som er lokalisert i skulebygget, større vindauge på sove-/kvilerommet for å ha sikker rømmingsveg. Under brakka er det eit lagerrom for uteleikar, dersom brakka blir tatt vekk er det behov for å legge tak over lagerrommet.

Legge ned heile Holsen barnehage

Det er ut frå kapasitet i Sunnfjordbarnehagen tilstrekkeleg kapasitet til å legge ned Holsen barnehage. Det er til saman 132 ledige barnehageplassar frå barnehageåret 2025/2026 i heile kommunen.

Barnehage	Barnehageåret 2025/2026				
	Heiltidsbarn			Plassar i bruk	Arealplassar i bruk
	0-2 år	3-6 år	Samla		
Førde sentrum	272,0	412,0	684,0	956,0	775,4
Holsen	7,0	9,0	16,0	23,0	18,3
Bygstad	20,0	33,0	53,0	73,0	59,7
Sande	37,0	72,0	109,0	146,0	121,0
Viksdalen	5,0	5,0	10,0	15,0	11,7
Naustdal	50,0	95,0	145,0	195,0	161,4
Vassenden	49,0	57,0	106,0	155,0	122,2
Skei	26,0	41,0	67,0	93,0	76,2
Sunnfjord kommune	466,0	724,0	190,0	656,0	345,9
Kapasitet				1 788,0	2 102,1
Ledige plassar				132,0	756,3

Foreldre som hører til Holsen barnehage ønsker barnehageplass i pendlaraksen frå Holsen til Førde der dei fleste som har arbeid utanom gardsdrift pendlar, dersom barnehagen blir lagt ned. I Førde sentrum er det 60 ledige plassar frå neste barnehageår.

Barnehage	Barnehageåret 2025/2026				
	Heiltidsbarn			Plassar i bruk	Arealplassar i bruk
	0-2 år	3-6 år	Samla		
Førde sentrum	272,0	412,0	684,0	956,0	775,4
Kapasitet				1 016,0	1 135,7
Ledige plassar				60,0	360,3

Det er ledig kapasitet i Førde sentrum til at barn frå Holsen barnehage kan få plass i ein annan barnehage.

Det vil få større konsekvensar for lokalmiljøet å legge ned heile barnehagen samanlikna med ei avdeling.

Å legge ned heile barnehagen bør sjåast i samanheng med kva som blir vedteke i saka om kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen der eit av tiltaka som var på høyring var å legge ned Holsen skule.

7.9.2 Innsparingspotensialet

Oversikta over innsparingspotensialet i heile tusen i budsjettal 2025.

Tiltak	4,5 md	Heilårseffekt
Legge ned ei avdeling hausten 2025	291	510
Legge ned heile barnehagen hausten 2025	1 692	4 512

7.9.3 Konsekvensar

Konsekvensar av å legge ned Holsen barnehage.

Konsekvensar

- Å legge ned ei avdeling frå hausten 2025 har mindre konsekvensar enn å legge ned heile barnehagen
- Det er færre barn som har tilbod i barnehagen og det er plass til alle som ønsker tilbod i ei avdeling
- Legge ned heile barnehagen har større konsekvens for lokalmiljøet
- Større påverknad for barn og familiar om barnehagertilbodet blir lagt ned i krinsen

7.9.4 Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at det er mogeleg å legge ned ei avdeling frå hausten 2025. Å legge ned ei avdeling vil ikkje få konsekvensar for barn og familiar som er busett i skulekrinsen, og alle som nyttar Holsen barnehage i dag kan få plass.

Å legge ned heile barnehagen bør sjåast i samanheng med utfallet i kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen. Det er lagt ut på høyring tiltak som kan påverke Holsen skule. Barnehage og skule bør eventuelt bli lagt ned på same tid.

8 Innsparingspotensialet i dei ulike tiltaka

8.1 Budsjett 2025

Budsjettrammer for barnehagane etter politisk vedtak i kommunestyret 13. desember 2024 i heile tusen er:

Barnehage	Budsjettramme		Samla
	201	221	
Bygstad	10 878	615	11 493
Halbrend	10 269	615	10 884
Hatlehaugen	8 844	615	9 459
Holsen	4 512	615	5 127
Langhaugane	11 067	615	11 682
Lunden	9 865	615	10 480
Nærleiken	14 020	615	14 635
Skei	11 412	615	12 027
Slåttebakkane	7 183	615	7 798
Solsida	17 203	615	17 818
Sunde	11 894	615	12 509
Tusenfryd	9 872	615	10 487
Vie	17 406	615	18 021
Vieåsen	10 917	615	11 532
Viksdalen	3 041	615	3 656
Ytre Hafstad	11 526	615	12 141


8.2 Innsparingspotensialet i tiltaka som blir tilrådd

For å syne innsparingspotensialet i tiltaka som blir tilrådd i kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen ligg det ein del vilkår.

Barnetal

Barnetalet er konstant i heile perioden. I barnetalet som er grunnlaget har vi inkludert alle som er innbyggjarar i Sunnfjord kommune født frå 2020-2024, jf. kapittel 5 Behov for barnehageplass for barnehageåret 2025/2026. Framskrivingane syner ei negativ utvikling. Barnetalet er ein usikker faktor.

I ressursmodellen får vi ut ei prognose som syner budsjetterte plassar samanlikna med etterspørsel. I prognosene er det noko mindre etterspørsel (grøn) samanlikna med budsjetterte plassar (lilla).



Kostnadars knytt til teneste 221 – barnehagelokale og skyss

I innsparingane er det lagt inn ein sjablong på 615 kroner (heile tusen), som er eit gjennomsnitt av driftskostnadars per barnehage i rekneskap 2023.

Driftskostnadars

I alle tiltaka har vi nytta budsjettala for 2025 som utgangspunkt for å rekne ut innsparingspotensialet uavhengig av kva år tiltal er plassert.

8.2.1 Innsparingspotensialet 2025

Nr	Tiltak	4,5 md	Heilårseffekt
1	Ta i bruk ressursmodellen, reduksjon i tal årsverk til leiing med 4,3 årsverk	1 125	3 000
2	Barnehageopptak/reduksjon årsverk	4 883	
3	Avvikle kontinuerleg barnehageopptak i kommunale barnehagar	4 100	4 100
4	Legge ned 1 avdeling i Tusenfryd barnehage	1 601	4 270
5	Legge ned 1 avdeling i Holsen barnehage	291	510
Samla innsparing i 2025 (4,5 md)		12 000	11 880

8.2.2 Innsparingspotensialet i 2026

Nr	Tiltak	4,5 md	Heilårseffekt
1	Heilårseffekten av tiltak som er sett i verk i 2025		10 901
2	Prognose for reduksjon i tilskot til private barnehagar		10 515
3	Legge ned Tusenfryd barnehage (201+221)	2 331	6 217
4	Legge ned Solsida barnehage avdeling Haugum (201+221)	2 996	7 988
	Samla innsparing i 2026 (heilårseffekt linje 1, 2 + 4,5 md linje 3, 4)	5 327	27 722

8.2.3 Innsparingspotensialet i 2027

Nr	Tiltak	4,5 md	Heilårseffekt
1	Samla effekt av tiltaka fra 2025 og 2026		27 722
2	Heilårseffekten av tiltak som er sett i verk i 2026		14 205
3	Prognose for reduksjon i tilskot til private barnehagar		1 489
	Samla innsparing i 2027		43 416

8.2.4 Innsparingspotensialet i 2028

Nr	Tiltak	4,5 md	Heilårseffekt
1	Samla effekt av tiltaka fra 2025-2027		43 416
2	Prognose for reduksjon i tilskot til private barnehagar		1 965
	Samla innsparing i 2028		45 381

8.2.5 Innsparingspotensialet i 2029

Nr	Tiltak	4,5 md	Heilårseffekt
1	Samla effekt av tiltaka fra 2025-2028		45 381
2	Prognose for reduksjon i tilskot til private barnehagar		41
3	Legge ned Vieåsen barnehage (201+221)	4 325	11 532
4	Legge ned Hatlehaugen barnehage (201+221)	3 547	9 459
5	Driftskostnadene i ny barnehage på Slåtten	-6 312	-16 832
	Samla innsparing i 2029 (heilårseffekt linje 1, 2 + 4,5 md linje 3, 4, 5)	1 560	46 982

8.2.6 Innsparingspotensialet i 2030

Nr	Tiltak	4,5 md	Heilårseffekt
1	Samla effekt av tiltaka fra 2025-2029		46 982
2	Heilårseffekten av tiltak som er sett i verk i 2029		4 159
3	Prognose for reduksjon i tilskot til private barnehagar		-
	Samla innsparing i 2030		51 141

8.2.7 Innsparingspotensialet i 2031

Nr	Tiltak	4,5 md	Heilårseffekt
1	Samla effekt av tiltaka fra 2025-2030		51 141
2	Prognose for reduksjon i tilskot til private barnehagar		68
3	Legge ned Slåttebakkane barnehage (201+221)	2 924	7 798
4	Legge ned Halbrend barnehage (201+221)	4 082	10 884
5	Legge ned Ytre Hafstad barnehage (201+221)	4 553	12 141
6	Driftskostnadene i nu barnehage på Flatene	-10 944	-29 183
	Samla innsparing i 2031 (heilårseffekt linje 1, 2 + 4,5 md linje 3, 4, 5, 6)	615	51 824

Innsparingspotensialet i alternativ til tilrådinga:

Nr	Tiltak (inkludert Solsida barnehage avd Toene)	4,5 md	Heilårseffekt
1	Samla effekt av tiltaka fra 2025-2030		51 141
2	Prognose for reduksjon i tilskot til private barnehagar		68
3	Legge ned Slåttebakkane barnehage (201+221)	2 924	7 798
4	Legge ned Halbrend barnehage (201+221)	4 082	10 884
5	Legge ned Ytre Hafstad barnehage (201+221)	4 553	12 141
6	Legge ned Solsida barnehage avd Toene (201+221)	4 523	12 062
7	Driftskostnadene i nu barnehage på Flatene	-10 944	-29 183
	Samla innsparing i 2031 (heilårseffekt linje 1, 2 + 4,5 md linje 3, 4, 5, 6, 7)	5 138	56 347

8.2.8 Innsparingspotensialet i 2032

Nr	Tiltak	4,5 md	Heilårseffekt
1	Samla effekt av tiltaka frå 2025-2031		51 824
2	Heilårseffekt av tiltak som er sett i verk 2031		1 640
3	Prognose for reduksjons i tilskot til private barnehagar		81
	Samla innsparing i 2032		53 545

Innsparingspotensialet i alternativ til tilrådinga:

Nr	Tiltak	4,5 md	Heilårseffekt
1	Samla effekt av tiltaka frå 2025-2031		56 347
2	Heilårseffekt av tiltak som er sett i verk 2031		13 702
3	Prognose for reduksjons i tilskot til private barnehagar		81
	Samla innsparing i 2032		70 130

8.3 Tilskot til private barnehagar

På sikt vil kommunen ha eit innsparingspotensiale i tilskot til private barnehagar på bakgrunn av at vi tek ned eiga drift gjennom tiltaka som blir vedteke.

Gjennom ressursmodellen vi har utarbeida har vi ei prognose for innsparingspotensialet fram til 2032. Det er størst effekt først i perioden. Tala i prognosene er basert på eit konstant barnetal frå 2025-2032 både i kommunale og private barnehagar.

År	Prognose
2026	10 515
2027	1 489
2028	1 565
2029	41
2030	-
2031	68
2032	81
Samla innsparing i perioden	14 159
(tal i heile 1 000)	

8.4 Kva må til for at tiltaka skal få full innsparing

For å nå innsparingspotensialet er det fleire vilkår som må slå inn:

- Redusere tal årsverk i barnehagesektoren tilsvarende årsverk som er i barnehagar som blir lagt ned.
- Redusere kostnadane til reinhald tilsvarende det som blir nytta i barnehagen i budsjett til reinhald.
- Redusere kostnadane til vaktmeister tilsvarende det som blir nytta i barnehagen i budsjett til bygg- og eigedomsforvaltning.
- Sal av tomt for å fjerne kostnadene til tom bygningsmasse
- Andre driftskostnadene tilsvarende budsjettet til barnehagen
- Barn som går i barnehagane vel ein anna kommunal barnehage

9 Innspel

Det er til saman kome inn 33 høyringsinnspel, 4 er frå personar og 29 er frå føretak.

Innspel til dei ulike tiltaka:

Tiltak	Tal
Generelle innspel	18
Ressursmodell	5
Kontinuerleg barnehageopptak	9
Legge ned Tusenfryd barnehage	8
Legge ned fleire barnehagar i Førde sentrum	7
Utvide eksisterande barnehagar for å auke kapasiteten	6
Barnehage på Flatene – bruke Flatene skule som barnehagebygg	7
Ny barnehage på Slåtten	5
Legge ned 2 barnehagar i Førde sentrum hausten 2025	9
Legge ned Holsen barnehage	4

Innspela blir oppsummert i eige dokument som blir vedlegg i saka.

10 Vurdering

For alle tiltaka er det gjort ei meir omfattande vurdering under kvart tiltak. Dette kapittelet trekk fram dei tilrådingane kommunedirektøren legg fram til politisk behandling.

I tiltaka som blei lagt ut på høyring er det 2 tiltak som handlar om drift og 7 tiltak som handlar om barnehagestruktur. Dei tiltaka som handlar om barnehagestruktur må sjåast i ein samanheng.

10.1 Drift i barnehagesektoren

Tiltak 1 og 2 som handlar om drifta i barnehagesektoren

- Tiltak 1: Ressursmodell
- Tiltak 2: Kontinuerleg barnehageopptak

Kommune direktøren si tilråding til politisk behandling:

Ressursmodellen blir vedteke med dei prinsippa som ligg i modellen i forhold til grunnbemanning, leiingsressurs og styrkingstiltak til barn med spesielle behov.

Kontinuerleg barnehageopptak blir avvikla. Majoriteten av dei som får tilbod gjennom ordninga har ikkje lovfesta rett til barnehageplass. Kommunedirektøren vil legge til rette for at det er beredskapsplassar tilgjengeleg for barn og familiær som har bruk for ein barnehageplass og at familiær som flyttar til kommunen etter barnehageopptaket skal få eit rimeleg tilbod i forhold til kor dei bur. Det blir gitt eit tilbod i ein barnehage som har plass og bemanning.

10.2 Barnehagestruktur 2025-2032

Tiltak 3-9 handlar om barnehagestruktur. I tilrådinga til kommunedirektøren har kommunen vurdert kva som kan vere ein framtdsretta barnehagestruktur som kan stå seg i framtida utan at det er behov nye strukturgrep i nær framtid.

Tiltaka som handlar om barnehagestruktur:

- Tiltak 3: Legge ned Tusenfryd barnehage
- Tiltak 4: Legge ned fleire barnehagar i Førde sentrum
- Tiltak 5: Utvide eksisterande barnehagar i Førde sentrum
- Tiltak 6: Barnehage på Flatene – bruke Flatene skule som barnehagebygg
- Tiltak 7: Ny barnehage på Slåtten
- Tiltak 8: Legge ned to barnehagar i Førde sentrum frå hausten 2025
- Tiltak 9: Legge ned Holsen barnehage

2025



Kartutsnittet syner barnehagestrukturen i Førde sentrum per i dag. Det er 10 kommunale barnehagar (gule) fordelt på 11 bygg og 3 private barnehagar (blå).

Tiltak i 2025:

- Legge ned 1 avdeling i Tusenfryd barnehage
- Legge ned 1 avdeling i Holsen barnehage
- Stoppe inntaket av barn i Tusenfryd og Solsida barnehage avdeling Haugum
- Legge ned andre avdelingar dersom det er mogeleg i heile Sunnfjord kommune


2026



Tiltak i 2026:

- Legge ned Tusenfryd barnehage (grå)
- Legge ned Solsida barnehage avdeling Haugum (grå)

2029



Tiltak i 2029:

- Etablert ny barnehage på Slåtten
- Legge ned Hatlehaugen barnehage
- Legge ned Vieåsen barnehage

2031



Tiltak i 2031:

- Etablere barnehage på Flatene (Flatene skule)
- Legge ned Slåttebakkane barnehage
- Legge ned Halbrend barnehage
- Legge ned Ytre Hafstad barnehage
- Det blir vurdert om Solsida barnehage avdeling Toene også kan leggast ned

Slik ser barnehagestrukturen ut i Førde sentrum i 2031 dersom tilrådinga til kommunedirektøren blir vedteke:



10.3 Vurdering av barnet sitt beste

Vi skal i alle saker som omhandlar barn vurdere kva som er til det beste for barnet.

For å gjere ei slik vurdering skal kommunen:

- Samle inn informasjon om barnet sin situasjon og behov.
- Vurdere korleis ulike tiltak vil påverke barnet sin trivsel og utvikling.
- Gjere ei konkret og individuell vurdering i kvart tilfelle

Det har i prosessen frå arbeidet med kunnskapsgrunnlaget for barnehagesektoren til saka som handlar om kva tiltak kommunen skal tilrå vore ei brei involvering.

Før kunnskapsgrunnlaget blei lagt fram til politisk behandling blei det gjennomført ein innspelsrunde der både tilsette og foreldrerepresentantar i alle barnehagar fekk kome med innspel. Administrasjonen var i alle barnehagar for å informere om prosessen og at vi ønskte innspel om, og kva omstillingar vi står ovanfor som vi kunne ta med vidare i prosessen. Det blei laga til ein mal der både tilsette og foreldre kunne kome med innspel.

Alle tiltaka som er utarbeida etter at kunnskapsgrunnlaget blei vedteke har vore på offentleg høyring. Alle som har hatt ønske om å uttale seg om tiltaka og kome med innspel har hatt mogelegheit til det.

Innspela administrasjonen har fått er tatt med og er ein del av vurderingane som er grunnlag for tilrådinga til kommunedirektøren. I vurderingane som blir gjort skal kommunedirektøren ta omsyn til barna som har eit tilbod i barnehagesektoren i dag. Kommunen skal også vurdere kva som er ei føremålstenleg drift av barnehagesektoren der vi kan gi alle barn ei god og likeverdig teneste med tanke på at vi blir færre barn i kommunen og må drifte på ein annan måte enn det vi gjer i dag.

I vurderinga står kommunen ovanfor to retningar: enten driftet i alle dei bygga vi gjer i dag eller om vi skal redusere tal einingar vi har. Skal vi driftet i alle bygga vi har i dag er det utfordrande å gi alle eit godt tilbod, då vi må redusere tal tilsette i alle barnehagar på grunn av færre barn.

Ei samla vurdering frå kommunedirektøren er at det er føremålstenleg å driftet i færre bygg på sikt og at vi nyttar kapasiteten i bygga.

11 Tiltak som ikkje er ein del av saka som administrasjonen kan arbeide med

Prosessen i kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen frå det blei etablert, til kunnskapsgrunnlaget blei vedteke og tiltaka blei lagt på høyring var på om lag 6 månadar. Det var omfattande prosessar på kort tid som skulle på plass for å få eit kunnskapsgrunnlag og aktuelle tiltak som er gode nok til å ha økonomisk effekt i innsparing og omstilling.

Gjennom prosessen for å kome med ei tilråding har vi sett at det er fleire tiltak vi kan arbeide med:

- Eiga eining som handterer styrkingstiltak til barn og elevar
- Viksdalen barnehage i oppveksttun saman med Viksdalen skule
- Er det tilstrekkeleg med 1 barnehage i region Naustdal
- Prinsippvedtak om kor mange barn det kan vere i ein barnehage før drifta blir avvikla
- Eigne vedtekter – kan vi halde på arealnorma vi har per i dag? Vi ligg over norma.
- Administrasjonsdel Nærleiken
- Oppveksttun på Sunde

Dersom dette er tiltak det er aktuelt å arbeide vidare med må det vere tilsvarande prosessar. Då må vi:

- greie ut
- nye tiltak på høyring
- politisk sak